

Konsesjonssøknad Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn i Blådalsvassdraget

Kvinnherad kommune

Hordaland

Januar 2017



NVE – Konesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

11.01.2017

Søknad om konsesjon for inntak av Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn

Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) ønsker å ta inn Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn til eksisterande kraftverk for å optimalisere samt auke produksjonen av fornybar energi ved Blåfalli III kraftverk. Prosjektet inngår i «Generalplan for Blådalsvassdraget» som selskapet utarbeidde i 1998.


Tiltaket er planlagt som to mindre bekkeinntak, utført som sjaktboring med to nye vassførande tunellar på til saman ca. 235 meter. Boresjaktene skal knytast opp mot eksisterande tillaupstunell frå Blådalsvatnet til Blåfalli III kraftverk. Tiltaka ligg i Kvinnherad kommune i Hordaland fylke.

Vi søker difor om følgjande løyve:

- I samsvar med Lov om vassdrag og grunnvann av 24. november 2000, og Lov om vassdragsregulering av 14. desember 1917 med endringar, til å ta inn vatn frå Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn til å nytte i eksisterande Blåfalli III kraftverk i Blådalsvassdraget.

Vedlagte utgreiing gjev dei nødvendige opplysningar om tiltaket.

Med venleg helsing



Magne Heimvik
Adm. dir.
Sunnhordland Kraftlag AS

Samandrag

Prosjektet omfattar to enkle inntak av Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn til vassstunellen til Blåfalli III kraftverk. Tiltaksområdet er avgrensa til to mindre sidefelt i Blådalsvassdraget i Kvinnherad kommune, i Hordaland. Inntak i Grøningsbekken 2 er planlagt på kote 730, mens inntak i Bekk Urdabotn er planlagt på kote 720. Begge inntaka blir gjennomført som sjaktboring og vil gje ei samla forventna produksjonsauke i Blåfalli III på kring 4,8 GWh.

Blådalsvassdraget er regulert for vasskraftføremål gjennom 14 løyve. Vassdraget er bygd ut gjennom snart 70 år, og omfattar i dag 6 kraftverk og 8 reguleringsmagasin av ulik storleik. I tillegg til tillaupstunellar og overføringar innanfor vassdraget, vert det også overført vatn frå nabovassdrag. Alle kraftverka og dammane er tilgjengelege via køyreveg, og det er overføringsliner på fleire spenningsnivå i området.

Inntaka skal etablerast veglaust utan trong for deponi. Massevolumet er avgrensa og vert fanga opp i sandfanget i eksisterande vassstunell. For kvart av inntaka vert det etablert ein mindre dam. Begge inntakdammane er planlagt i bekkeløpa som platedammar i betong og vert berre synleg lokalt. Lengda på borehola frå inntaka er på om lag 120 m i begge bekkane. Dimensjonen på borehola ferdig opprømma, er $\varnothing=1060$ mm. Sjaktboringa er planlagt utført med borerigg, fyrst pilotboring ($\varnothing=280$ mm) utanfrå og inn, sidan opprømming ($\varnothing=1060$ mm) innanfrå og ut.

Dei fysiske inngrepa i dagen er små og det største inngrepet er fråføring av vatn. Begge bekkane har innslag av mindre fossefall og stryk som ved høg vassføring set sitt preg på landskapskarakteren lokalt. Under meir vanlege tilhøve, er bekkane lite synlege i landskapet. Størst påverknad er venta for Grøningsbekken 2 som har eit lite restfelt nedstraums inntaket utan større sidebekkar. Der vil tiltaket redusere vassføringa sterkt nedstraums bekkinntaket, like til samløp med Blåelva. Inntaket i Bekk Urdabotn ligg like ovanfor Urdabotnvatn som har ein utjamnande effekt på vassføringa vidare. Vassføringa vert difor sterkt redusert over berre ei kort strekning (om lag 150 m) oppstraums Urdabotnvatn, medan vassføringa nedstraums vatnet langt på veg opprettheld sin naturlege dynamikk. Sjølve vatnet og bekkfeltet nedstraums får tilført vatn frå fleire sidebekkar. Det er foreslege slepp av minstevassføring, 10 l/s i begge bekkane heile året.

Naturlandskapet i delfelta er prega av fjellbjørkeskog opp til om lag 600 moh, over dette dominerer lavalpine heier. Naturtypene i begge nedbørsfeltene er regiontypisk og tilhøyrande flora er samansett av vanlege artar. Artsmangfaldet av kryptogamar (mosar og lav) og karplanter i og langs bekkane synes å vere middels høgt.

Det vart ikkje gjort funn av raudlista fugl, karplantar, mosar og lav i tiltaks- og influensområdet under synfaringane. Jamfør Artsdatabanken-Artskart og Naturbase føreligg det registreringar av nokre raudlista fugleartar i Blådalsvassdraget. Frå tidlegare er lirype, gauk, bergirisk og gulsporv påvist sentralt i Blådalen, nær influensområda. Artane er terrestre utan spesiell tilknytning til akvatiske ressursar. Naturtypen «elveløp» er nasjonalt raudlista i kategori NT «nær truga» (Artsdatabanken 2011). Utover dette er det ikkje registrert andre viktige naturtypar i tiltaks- og influensområdet. Førekomsten av aure er låg i Urdabotn (vatn og elver). Grøningsbekken 2 har ikkje funksjon for fisk, bortsett frå ein marginal funksjon som beiteområde i dei nedre 100 m mot Blåelva.

Samla verdi for naturmangfaldet i råka vassdragsavsnitt og aktuelle influensområde er vurdert til nivået liten til middels verdi for Grøningsbekken 2, og middels til liten verdi for Bekk Urdabotn. Konsekvensane av dei planlagde tiltaka er vurdert til lite til middels negativt for begge bekkfeltene. Det ligg ikkje føre opplysningar om freda kulturminne eller kulturmiljø i tiltaks- eller influensområdet.

Innhald

1	Innleiing.....	5
1.1	Om søkjaren	5
1.2	Grunngjeving for tiltaket	5
1.3	Geografisk plassering av tiltaket	5
1.4	Skildring av området	7
1.5	Eksisterande inngrep	7
1.6	Samanlikning med nærliggande vassdrag	8
2	Omtale av tiltaket.....	10
2.1	Hovuddata	10
2.2	Teknisk plan for det søkte alternativet	10
2.3	Kostnadsoverslag	19
2.4	Fordelar og ulemper ved tiltaket	19
2.5	Arealbruk og eigdomsforhold	19
2.6	Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar	20
3	Verknad for miljø, naturressursar og samfunn	22
3.1	Hydrologi.....	22
3.2	Vasstemperatur, isforhold og lokalklima	29
3.3	Grunnvatn	29
3.4	Ras, flaum og erosjon	29
3.5	Raudlisteartar	30
3.6	Terrestrisk miljø	31
3.7	Akvatisk miljø	33
3.8	Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag	36
3.9	Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON)	36
3.10	Kulturminne og kulturmiljø	43
3.11	Reindrift	47
3.12	Jord- og skogressursar	47
3.13	Ferskvassressursar	47
3.14	Brukarinteresser	49
3.15	Samfunnsmessige verknadar	49
3.16	Kraftliner.....	49
3.17	Dam og trykkrøyr	49
3.18	Ev. alternative utbyggingsløysingar	49
3.19	Samla vurdering	49
3.20	Samla belastning	50
4	Avbøtande tiltak.....	52
5	Referansar og grunnlagsdata.....	53
6	Vedlegg til søknaden	54

1 Innleiing

1.1 Om søkjaren

Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) er eit kraftselskap som har som føremål å eiga, driva og utvikla vasskraftressursar. SKL eig og driv ei rekkje kraftstasjonar i Sunnhordland og på Haugalandet, der den største produksjonen er lokalisert til Blådalsvassdraget i Kvinnherad og Etne kommunar og i Litledalen i Etne kommune. Vidare eig SKL 8,75% av driftsklar maskinkapasitet i Sima kraftanlegg i Eidfjord, samt 2,54% i Ulla-Førre anlegga. SKL eig også 15% av aksjane i AS Saudefaldene. Vidare eig SKL, åleine eller saman med andre, ei rekkje småkraftverk, hovudsakleg i området mellom Bjørnefjorden og Boknafjorden. Samla yting er om lag 700 MW, og årsproduksjon utgjer 2,6 TWh.

SKL er eit selskap med regionale eigarar. Dei største eigarane er Haugaland Kraft AS (40,92%), BKK AS (33,77%) og Finnås Kraftlag SA (10,14%). Dei resterande aksjane eig Fitjar Kraftlag SA, Fjelberg Kraftlag SA, Skånevik Ølen Kraftlag SA, Tysnes Kraftlag SA og Stord kommune. Selskapet har hovudkontor på Stord og om lag 60 tilsette.

Sunnhordland Kraftlag AS
Lønningsåsen 2
Postboks 24
5401 Stord

Organisasjonsnummer: NO 916 435 711

Kontaktperson: Magne Andresen
Tlf: 975 56 146
Epost: man@skl.as

1.2 Grunngeving for tiltaket

Tiltaket omfattar to bekkeinntak der vatnet vert teke inn på eksisterande tilløpstunell til Blåfalli III kraftverk. Tiltaket vil gje ein samla produksjonsauke på kring 4,8 GWh. Tiltaket er eit O/U-prosjekt for Blåfalli III kraftverk. Det er ikkje trong for oppgradering av kraftstasjon, linjetilknytning, tilkomstveggar eller anna.

Omsøkte tiltak er ein del av ”Generalplan for Blådalsvassdraget”. Planen vart utarbeidd i 1998, og gjeld opprusting og utviding av eksisterande anlegg i vassdraget. Planen inneheld ti større og mindre prosjekt på til saman over 300 GWh. SKL har til nå realisert seks av delprosjekta.


Tiltaket er ikkje tidlegare vurdert etter vassressurslova.

1.3 Geografisk plassering av tiltaket

Det planlagde prosjektet ligg i Blådalsvassdraget i Kvinnherad og Etne kommunar i Hordaland fylke. Sjølve tiltaka ligg i Kvinnherad kommune.

REGINE einingar: 042.D2A2AA «Grønningsbekken 2», og 042.C2 «Bekk Urdabotn».

Inntak i Grønningsbekken 2 er planlagt på kote 730, medan inntak i Bekk Urdabotn er planlagt på kote 720, sjå Figur 1 og Vedlegg 2.



Figur 1 Oversiktskart over Blådalsvassdraget. Tiltaket er markert. (Vedlegg 1)

1.4 Skildring av området

Blådalsvassdraget har utspring på sørsida av Folgefonna og renn ut i Matersfjorden. Eit storkupert fjellandskap med vekslende innhald av vatn og bekkefelt merkar landskapet og set eit tydeleg preg på desse områda. Dei eksponerte og øvre fjellområda er karrige og mest frie for vegetasjon. Langs fjellsidene og bekkefelte elles finn ein eit frodig men kortvakse vegetasjonsdekke. Vassdraget var opphavleg brepåverka. Området er i dag omfattande regulert for vasskraftføremål. Magasina i fjellet har berre unntaksvis overlaup. Blåelva, nedstraums Blådalsvatn, får difor berre tilførsle av vatn frå sidefelte. I dei øvre fjellområda er vekstsesonen kort, men denne vert utvida etter kvart som ein kjem ned mot fjorden.

Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn ligg begge i eit noko brattlent terreng på nordvestsida av Blåelva, sentralt i vassdraget. Det er lite tre langs bekkestrengane, med unntak av dei nedre strekka, der bekkane munnar ut i høvesvis Blåelva og Staffi-/Jamtelandsvatnet. Elvehabitatet vekslar mellom strykstrekingar over bart berg og innslag av substrat av meir småsteina karakter. Dei små nedbørsfelte og den alminnelege lågvassføringa tilseier at bekkane har låg vassføring i periodar. I kalde år og/eller tørre somrar, vil difor begge bekkane kunne frysa til eller gå heilt tørre.

1.5 Eksisterande inngrep

Utbygginga i Blådalsvassdraget tok til i 1947, og produksjonen i vassdraget har sidan utvikla seg i tråd med kraftbehovet i samfunnet. Vassdraget er sterkt regulert gjennom 14 løyve, og omfattar i dag 6 kraftverk og 8 reguleringsmagasin av ulike storleik (Vedlegg 4, Tabell 1). I tillegg til overføringstunellar innanfor vassdraget, vert det også overført vatn frå nabovassdrag. Alle kraftverka og større dammar er tilgjengelege frå køyreveg (om lag 30 km), og det er overføringsliner på fleire spenningsnivå i området. Samla regulert magasinkapasitet er kring 370 mill. m³ og omfattar mellom anna Blådalsvatn og Midtbotnvatn med ei reguleringshøgde på høvesvis 100 og 71 m. Samla installert effekt i vassdraget er 371 MW og gjennomsnittleg årsproduksjon er omlag 1 490 GWh.

Det omsøkte tiltaket går ut på å etablere to nye bekkeinntak på eksisterende tilførselstunnel til Blåfalli III kraftverk. Tilførselstunnelen er ca 7 km lang og har et tverrsnitt på 26 m² med inntak i reguleringsmagasinet Blådalsvatn med et årlig tilsig på om lag 630 mill m³. Det er to eksisterende bekkeinntak på tunnelen, som tar inn to sidefelt med midlere avrenning på henholdsvis 250 og 430 l/s. De to inntakene ligger oppstrøms de to nye foreslåtte inntakene og er markert som eksisterende tunnel på figur 6a, på side 12. Blåfalli III kraftverk har slukeevne på 38 m³/s, installert effekt på 105 MW og en årsproduksjon på om lag 550 GWh/år.

Tabell 1 Reguleringsmagasin for regulering av Blådalsvassdraget i Etne og Kvinnherad kommuner, Hordaland fylke.

Magasin	Naturlig vannstand kote	Reguleringsgrense				Regul. høyde (m)
		Øvre kote	Nedre Kote	Heving (m)	Senking (m)	
Fjellhaugvatn	347,2	374,8	345,2	27,6	2,0	29,6
Staffivatn ¹⁾	422,3	437,0	420,0	14,7	2,3	17,0
Jemtelandsvatn ¹⁾	424,2	437,0	424,2	12,8	0,0	12,8
Blådalsvatn	673,1	711,1	611,0	38,0	62,1	100,1
Botnavatn	727,8	727,8	710,0	0,0	17,8	17,8
Midtbotnvatn	735,5	771,0	700,0	35,5	35,5	71,0
Ytre Møsevatn ²⁾	845,0	873,0	851,7	28,0	0,0	28,0
Indre Møsevatn ²⁾	851,7	873,0	820,0	21,3	31,7	53,0
Blomsterskardsvatn	1034,1	1034,1	1004,1	0,0	30,0	30,0
Kvannalsvatn	771,1	771,1	741,1	0,0	30,0	30,0


1) Staffivatn og Jemtelandsvatn er eitt reguleringsmagasin

2) Ytre Møsevatn og Indre Møsevatn er eitt reguleringsmagasin

1.6 Samanlikning med nærliggande vassdrag

Vatn og vassdrag er dominerande element i regionen Folgefonnhalvøya. Folgefonna nasjonalpark vart oppretta i 2005, men ligg utanfor tiltaks- og influensområdet (Figur 2). Dei næraste landskapsvernområda i høve til Bekk Urdabotn og Grøningsbekken 2, er Guddal/Hildal, Folgefonna og Hattebergsvassdraget (Figur 3). Blådalsvassdraget er ikkje eit verna vassdrag og er prega av vasskraftutbyggingar.


Legg ein NVE Atlas til grunn, finn ein ei oversikt over eksisterande og omsøkt kraftverksaktivitet i dei tilstøytande områda. Området Blådalen er frå midten av 1900-talet prega av storkraftutbygging med fleire reguleringsmagasin. Dei omkringliggende områda er i varierende grad utbygd med småkraftverk. Dette er hovudsakleg mindre anlegg, etablert i nyare tid og utan magasin, som genererer uregulerbar kraft (Figur 4).



Figur 2 Folgefonna nasjonalpark med landskapsvernområde. Det omsøkte tiltaket er markert med raud ring.



Figur 3 Verneplan for vassdrag (NVE). Dei omsøkte bekkene er markert med raud ring.



Figur 4 Eksisterande vasskraftaktivitet kring Blådalsvassdraget og tilstøytande område. Tiltaket er markert med raud ring. For utvida teiknforklaring, syner vi til: <http://atlas.nve.no>.

2 Omtale av tiltaket

2.1 Hovuddata

Blåfalli III kraftverk vart bygd og idriftsett i 1968. Dei to planlagde inntaka vil gje ein auka produksjon i Blåfalli III på kring 4,8 GWh regulert kraft. For oppsummerande data sjå Tabell 2.

Tabell 2 Oppsummerande nøkkeldata for tiltaket.

TILSIG		Grøningsbekken 2	Bekk Urdabotn
Nedbørfelt	km ²	0,8	0,7
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	3,6	3,3
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	138	140
Middelvassføring	l/s	113	104
Alminnelig lågvassføring	l/s	3,7	3,4
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	17,8	19,1
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	3,6	3,3
Restvassføring ¹⁾	m ³ /s	0,02	0,29
TILTAK			
Inntak	moh.	730	720
Magasinvolument ²⁾	m ³	0	0
Avlaup ³⁾	moh.	374,8	374,8
Lengde på råka elvestrekning	km	0,8	2,7
Brutto fallhøgde ³⁾	m	303	303
Energiekvivalent ³⁾	kWh/m ³	0,65	0,65
Kapasitet	m ³ /s	1,7	1,6
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	10	10
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	10	10
Sjakt, diameter	mm	1060	1060
Sjakt, lengde	m	121	114
PRODUKSJON			
Produksjon, årleg middel ⁴⁾	GWh	2,5	2,3
ØKONOMI			
Utbyggingskostnad for begge bekkane (2016)	mill. kr	12,0	
Utbyggingspris for begge bekkane (2016)	kr/kWh	2,50	

1) Restfeltet sin middelvassføring ved samlaup Blåelva og Staffi-/Jamtelandsvatnet.


2) Via tilløpstunellen til Blåfalli III kraftverk, blir bekkane overført til Blådalsvatn som har eit magasinvolument på 152 mill. m³.

3) Tal for det eksisterande Blåfalli III kraftverk.

4) Netto produksjon der foreslått minstevassføring er trekt frå.

2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet

Prosjektet omfattar to enkle bekkeinntak i høvesvis Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn til eksisterande tilførselstunell til Blåfalli III kraftverk. Inntak i Grøningsbekken 2 er planlagt på kote 730, medan inntak i Bekk Urdabotn er planlagt på kote 720. Begge inntaka blir gjennomført med boresjakt (Figur 5, samt situasjonskart Vedlegg 2).



Figur 5 Situasjonsskart med visualisering av tiltaket: inntak Grøningsbekken 2 og inntak Bekk Urdabotn.

2.2.1 Hydrologi og tilsig

Det er ikkje utført vassføringsmålingar i Grøningsbekken 2 eller i Bekk Urdabotn. Vidare analysar er difor basert på ei samanlikning og skalering med tidsseriar for avlaup frå ein målestasjon i nedbørfelt med liknande avlaupsforhold. Ut i frå ei vurdering av topografiske, vegetasjonsmessige tilhøve og felteigenskapar, valde ein vassmerke 41.7 Blomstølvatn som samanlikningsfelt. Dette feltet ligg på sørsida av Åkrafjorden, i Etne kommune og i relativt kort avstand frå dei nemnde bekkeinntaka. Måledata frå perioden 1982 til 1999 er nytta som samanlikningsgrunnlag. Felteigenskapar er vist i Tabell 3, saman med felldata for Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn.



Tabell 3 Felteigenskapar for Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn målt opp mot moglege samanlikningsfelt. Valt vassmerke er 41.7 Blomstølvatn.

Måleserie	Måleperiode	Feltareal	Breandel	eff. Sjø	Snaufjell	Spes. avr.*	Høydeinterv.
vanmerke		km ²	%	%	%	l/(s·km ²)	moh
45.4 Seimsfoss i Guddalselv	2006 - dd	36.4	2.7	1.1	53.2	112.4	19-1419
42.6 Baklihol*	1965 - dd	19.9	0.0	0.2	80.3	136.2	196-1305
41.1 Stordalsvatn	1912 - dd	130.6	0.0	6.7	57.5	110.3	51-1294
41.7 Blomstølvatn**	1981-2003	25.6	0.0	1.9	91.7	122.3	628-1134
41.8 Hellehaugvatn	1981 - dd	27.5	0.0	2.0	82.3	118.2	271-1263
Bekk Urdabotn		0.74	0.0	0.0	99.6	140.0	730-1098
Grøningsbekken 2		0.82	0.0	0.0	100.0	138.0	740-1109

* Hull i serien årene 1965, 1984-1999, 2008-2009. I tillegg mye upålitelige data (2010-2013). Profilendring i 1998.


** Hull i serien i årene 1981, 2000 og 2003

Data som er presentert for Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn sitt nedbørfelt ved inntaksplasseringa, er skalert med omsyn til feltareal, spesifikt normalavlaup og observert avrenning i samanlikningsfeltet. Kart som syner nedbørfelt og restfelt, samt geografisk plassering av høvesvis inntaksområde og samanlikningsfelt er vist i Figur 6. For utfyllande informasjon, sjå «Skjema for dokumentasjon av hydrologiske tilhøve».




Figur 6 Kart med a) innteikna nedbørfelt/restfelt til dei planlagde bekkeinntaka, og b) omriss av aktuelle bekkeinntak/-felt (raud sirkel) og nytta samanlikningsstasjon/-felt (blå sirkel).

Vassføringa for dei aktuelle bekkane varierer gjennom året med størst middelvassføring i perioden mai-juni (Figur 7).




Figur 7 Plott som viser sesongvariasjon i middel- og minimumsvassføringar gjennom året (døgndata), for høvesvis a) Grønningsbekken 2 og b) Bekk Urdabotn.

Flaum kan førekoma heile året, men dei største flaumtoppane kjem vanlegvis om hausten og tidleg vinter (Figur 8).





Figur 8 Plott som viser sesongvariasjon i maksimumsvassføring gjennom året (døgndata), for høvesvis a) Grønningbekken 2 og b) Bekk Urdabotn.

Middelvassføringa er rekna ut for dei einsskille åra frå 1982 til 1999. Søylediagrammet under syner at denne kan variere så mykje som nær $\pm 50\%$ (Figur 9).



Figur 9 Årleg variasjon i middelavrenninga i observasjonsperioden for høvesvis a) Grøningsbekken 2 og b) Bekk Urdabotn.

Alle vassføringsdata er sortert og sett opp i ei varigheitskurve (Figur 10).



Figur 10 Varighetskurver for høvesvis a) Grønningsbekken 2 og b) Bekk Urdabotn ved inntak.

2.2.2 Overføringer

Prosjektet er eit reint overføringsprosjekt, der bekkane vert overført til tillaupstunellen som går frå Blådalsvatn til det eksisterande Blåfalli III kraftverk.


2.2.3 Reguleringsmagasin

Prosjektet omfattar ikkje reguleringsmagasin. Bekkane vert tatt inn i eksisterande vasstunell mellom Blådalsvatn og Blåfalli III kraftverk. Når kraftverket ikkje er i drift vert vatnet difor overført til Blådalsvatn, som har eit reguleringsvolum på 152 mill. m³.

2.2.4 Inntak

For kvart av inntaka vert det etablert ein mindre dam. Begge inntakdammane er planlagt i bekkeløpa som platedammar i betong. Betongdammane er planlagt på tvers i begge elveløpa, bolta i fast fjell på begge sider (Figur 11 og Vedlegg 3). I begge dammane vil det bli installert eit minstevass-arrangement, tilpassa dei klimatiske og hydrologiske forholda og etter krav og godkjenning frå NVE.

Det er mest snaufjell og lite vegetasjon i området kring inntaka, samt oppstraums desse. Inntaka vil difor ikkje vera utsett for problem med transport av lauv, kvistar o.l. Bekkane renn elles i eit terreng med harde bergartar og lite eller avgrensa omfang av lausmassar. Massetransport av stein og elvegrus er derfor liten oppstraums inntaka.



Figur 11 Bilete av inntaksområde for Grøningsbekken 2, a) og b), samt Bekk Urdabotn, c) og d). Inntaksområda er markert i raudt og merka område er vist i bilete b) og d).

Inntaket i Grøningsbekken 2 er planlagt på om lag kote 730 med ei slukeevne på 1,7 m³/s. Lengda på dammen er rekna til kring 7 meter, med ei maksimal høgde på kring 3 meter. Sjølv inntaksbassenget vil få eit oppdemt vassvolum på kring 100 m³. Neddemt areal vert i storleiken 70 m².

Inntaket i Bekk Urdabotn er planlagt bygd på om lag kote 720 med ei slukeevne på 1,6 m³/s. Dammen er rekna til å verta kring 10 m lang og får ei maksimalhøgde på kring 3 meter. Sjølv inntaksbassenget vil få eit oppdemt vassvolum på kring 150 m³. Neddemt areal vert i storleiken 100 m².

2.2.5 Vassveg

Inntaka vert utført som to boresjakter. Lengda på borehola frå inntaka i Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn vert på høvesvis 121 og 114 m. Dimensjonen på begge borehola, ferdig opprømt, er rekna til $\text{Ø}=1060$ mm. Sjaktboringa er planlagt utført med borerigg, fyrst pilotboring ($\text{Ø}=280$ mm) utanfrå og inn, sidan opprømming ($\text{Ø}=1060$ mm) innanfrå og ut.

Borehola er korte og pilotboringa vert utført med ei lita borekrone. Kvart av pilothola vil gje opphav til omlag 7-8 m³ med finkorna masse som det vert søkt om å få deponere lokalt kring inntaksområda. Boringa vert avgrensa både i tid og omfang og ein ser det ikkje formålstenleg å etablera sedimenteringsbasseng i dette høvet. Vidare opprømming av borehola skal utførast innanfrå og ut. Frigjort massevolum vil verta handtert i sandfanget til eksisterande vasstunell. Massevolumet utgjer om lag 100 m³ pr. boresjakt og vil verta nytta til tenlege formål når sandfanget rutinemessig vert reinska.

2.2.6 Kraftstasjon

Prosjektet omfattar ikkje bygging av ny kraftstasjon. Vatnet frå bekkeinntaka vert nytta i eksisterande Blåfalli III kraftverk. Meirproduksjonen i kraftverket er rekna å verta om lag 4,8 GWh.

2.2.7 Køyremønster og drift av kraftverket

Køyremønsteret samt drifta ved Blåfalli III vil ikkje verta endra i høve til i dag. Meirproduksjonen utgjer ein svært liten del av totalproduksjonen i det eksisterande kraftverket.

2.2.8 Vegbygging

Utbygginga krev ikkje bygging av mellombels eller permanent veg.

2.2.9 Massetak og deponi

Det vert ikkje trong for deponi, jf. omtale under kap. 2.2.5 Vassveg.

2.2.10 Nettilknytning

Blåfalli III kraftverk har nettilknytning i dag og det er ikkje behov for utviding av denne som følgje av tiltaket.

2.3 Kostnadsoverslag

Eit kostnadsoverslag for tiltaket er presentert i Tabell 4.

Tabell 4 Estimert kostnadsoverslag for inntak av Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn (Prisnivå 2016).

Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn	mill. NOK
Tunneler (boresjakt mm)	5 148 000
Inntak/dam (bygging av dam)	2 552 500
Byggherrekostnad (transport)	2 123 500
Uventa	1 141 000
Planlegging/administrasjon	1 096 500
Sum utbyggingskostnader	12 061 500

2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket

Fordelar

Tiltaket aukar den fornybare kraftproduksjonen i Blåfalli III kraftverk og den totale produksjonen i Blådalsvassdraget. Vassressursane vert nytta betre med omsyn til eksisterande høgdepotensial.

Ulemper

Den største ulempa er fråføring av vatn frå Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn, og dei konsekvensane dette får for landskap, natur og miljø. Størst påverknad er venta for Grøningsbekken 2 som har eit restfelt nedstraums inntaket utan større sidebekkar. Fråføring av Bekk Urdabotn vil hovudsakleg råka ein kort strekning (ca. 150 m) av tillaupsbekken nordvest for Urdabotnvatnet. Sjølve vatnet og feltet nedstraums får tilførsle av vatn frå fleire sidebekkar og opprettheld ei merkbar vassføring. Det er ikkje gjort observasjonar eller framkomne informasjon om raudlista artar i tiltaks- og/eller influensområdet. Meir om dette i kap. 3.

2.5 Arealbruk og eigedomstilhøve

Arealbruk

Tiltaket vil berre leggja permanent beslag på eit mindre areal på høvesvis kring 0,1 daa for kvart av inntaka.

I ein kortvarig anleggsperiode vert det søkt om løyve til mellombels bruk av 0,4 daa til riggområde samt 0,3 daa til etablering av brakkerigg for kvart av inntaka. Naudsynt lager- og tilkomstareal er rekna med i desse arealbehova, som elles vert like store for kvar av inntaka.

Det er utarbeidd situasjonskart for kvar av inntaka; Bekk Urdabotn og Grøningsbekken 2 (Figur 5 og Vedlegg 2). Utrekna arealbruk, mellombels og permanent, i høve til omtalte inngrep, som vist i Tabell 5.

Tabell 5 Utrekna arealbruk, mellombels og permanent, i høve til omtalte inngrep.

Inngrep	Mellombels arealbehov(daa)	Permanent arealbehov (daa)	Ev. merknadar
Inntaksområde	0,8	0,2	
Brakkerigg og lager	0,6		
Massetak/deponi	-	-	Uendra*
Samla arealbehov for begge inntaka	1,4	0,2	

* Eit mindre massevolum, 7-8 m³, vert omsøkt deponert lokalt ved kvar av inntaka.

Eigedomstilhøve

Tiltaket ligg på gnr. 104 bnr 1 som er eigd av Kvinnherad kommune. Fallrettane på eigedomen er tidlegare frådelt og har fått gnr. 104 bnr. 3. SKL eig dette gards- og bruksnummeret og har dermed alle vassrettar, fallrettar og rett til å leggja nødvendige installasjonar knytt til kraftutbygging på dei eigedomane som vert råka. Desse rettane heftar også for grunneigedomane som seinare vart skilt frå gnr. 104 bnr. 1. Jamfør Kvinnherad kommune er det ikkje frådelt andre bruk som grensar til vasstrengen.

Kvinnherad kommune la tidleg på 1960-talet ut eit hyttefelt ved Røytehølen på Bjørnebøle; gnr. 104 bnr. 1. Dette feltet vart i 1964, grunna SKL sine utbyggingsplanar av Blåfalli III, erstatta med eit hyttefelt ved Ågotelv. Alle dei frådelt tomten i hyttefeltet fekk då i grunnboka påført dei same hefta som ligg på hovudbruket Bjørnebøle; gnr. 104 bnr. 1, mellom anna dei rettane SKL har som eigar av Blåelva, gnr. 104 bnr. 3.

Ein del av hyttene ved Ågotelv nyttar bekken som vasskjelde i sumarhalvåret. Hyttefeltet er lite tilgjengeleg om vinteren grunna snøfall og vegstenging. SKL vil orientere hytteeigarane om utbyggingsplanane, og medele dei at selskapet særskilt har vurdert vassføringa lokalt ved hyttefeltet. Slik vassføringskurvene syner vert denne langt på veg oppretthalden i dette området.

2.6 Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar

Fylkes- og/eller kommunal plan for småkraftverk.

Blådalsvassdraget er som nemnt omfattande regulert med omsyn til vasskraft (14 løyve). Hordaland fylke har utarbeidd «Fylkesdelplan for småkraftverk i Hordaland 2009 – 2021». Tiltaksområdet ligg nordvest i delområde 13, Matre-Åkrafjorden. I samandraget for dette delområdet heiter det:

«Matre-Åkrafjorden delområde har stort potensiale for småkraft. På nordsida av Åkrafjorden er det fleire område med urørt preg. Utbygging i desse områda kan føre til redusert omfang av inngrepsfri natur som går frå fjord til fjell i fylket. Utbygging på sørsida av Åkrafjorden kan føre til reduksjon i omfang av villmarksområde i Etnesfjella. Området har fleire potensielt verdifulle bekkeløfter som må undersøkjast nærare ved nye utbyggingsplanar.»

Kvinnherad kommune har ingen eigen plan for småkraftverk.

Hordaland fylke har nyleg utarbeid «Klimaplan for Hordaland 2014 – 2030». Utbygginga er i samsvar med klimaplanen si målsetjing om auka produksjon av fornybar energi.

Kommuneplanar

Tiltaksområdet ved Grøningen og Urdabotn er definert som LNFR-areal i Kvinnherad kommune sin arealplan. Eit mindre område vest for Staffi-/Jamtelandsvatn er merkt av for fritidsbusetnad. Bekken nedstrøms Urdabotnvatn renn på nordsida av dette hyttefeltet.

Samla plan for vassdrag (SP)

Stortinget har ved si handsaming av Innst. 401 S (2015-2016) gjeve si tilslutning til regjeringa sitt forslag om avvikling av Samla plan som forvaltningsverktøy.

Verneplan for vassdrag

Blådalsvassdraget er ikkje omfatta av «Verneplan for vassdrag.» Tiltaksområdet er ikkje verna eller foreslått verna. Folgefonna nasjonalpark vart oppretta i 2005, men ligg utanfor tiltaks- og influensområdet.

Nasjonale laksevassdrag

Blådalsvassdraget er ikkje eit nasjonalt laksevassdrag.

Ev. andre planar eller beskytta område

Ingen andre kjende planar.

EUs vassdirektiv

Dei aktuelle vassførekomstane vert omtala i Vann-Nett, som «Grønningsbekken sidebekker, ID 042-121-R» og «Jamtelandsvatn og Staffivatn sidebekker, ID 042-159-R». Økologisk tilstand for vassførekomstane er sett til «moderat» medan kjemisk tilstand er «undefinert». Begge vassførekomstane er i noko grad påverka av langtransportert ureining (sur nedbør), og vassførekomstane er difor sett i «risiko» for ikkje å nå ynskt målsetting om «god økologisk tilstand» innan gjeldande planperiode, 2015 – 2021. utfordringar knytt til denne type ureining må løysast i fellesskap gjennom internasjonale avtalar.

3 Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

Vidare omtale av nemnde fagtema byggjer spesifikt på følgjande rapport:

Vedlegg 5: Håland A. mfl., 2015. Plan om overføring av 2 sideelver i Blådalsvassdraget, Kvinnherad. Biologisk mangfold – verdier og konsekvenser. NNI-Rapport 421, 84 s.

For ytterlegare informasjon, syner ein til «Konsesjonssøknad og konsekvensutredningar for Blåfalli Fjellhaugen kraftverk, 2014». Konsekvensutgreiinga omfattar sju individuelle fagrapportar med relevans for tiltaksområdet.

3.1 Hydrologi

Når det gjeld hydrologi og tilsig og bakgrunnen for berekningane, viser vi òg til kap. 2.2.1.

Tiltaket for Grøningsbekken 2 vil medføra at vassføringa vert sterkt redusert nedstraums bekkeinntaket (kote 730) og like til samlaup med Blåelva, ved Grønningen. Tabell 6 viser resultatet av utrekningane for Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn, gitt dei føresetnadene omtala i kap. 2.2.1. Inntaket ved Bekk Urdabotn (kote 720) ligg like ovanfor Urdabotnvatn, og ein kan forventa at dette vatnet har ein noko utjamnande effekt på vassføringa nedstraums dette. Vassføringa vert difor sterkt redusert over ei kort strekning oppstraums Urdabotnvatn, medan vassføringa nedstraums vatnet vert råka i mindre grad. Det kjem inn ein sidebekk sør i Urdabotnvatn og ein annan sidebekk i området like nedstraums vatnet.

Tabell 6 Vassføring ved planlagt inntak, Grøningsbekken 2 (kote 730 moh) og Bekk Urdabotn (kote 720 moh).

Vassføring		Grøningsbekken 2	Bekk Urdabotn
Q_{middel} heile året	m ³ /s	0,113	0,104
Alminneleg lågvassføring	l/s	3,7	3,4
5-persentil sommar	l/s	17,8	19,1
5-persentil vinter	l/s	3,6	3,3
Q_{middel} restfelt	m ³ /s	0,02*	0,29**

* Restfelt målepunkt ved samlaup Grøningsbekken 1.

** Restfelt målepunkt ved utlaup i Staffivatn.

Tiltakshavar føreslår slepp av minstevassføring på 10 l/s gjennom heile året. Inntaka ligg høgare enn 700 moh i eit landskap som ikkje er lett tilgjengeleg. Selskapet har gjennom målingar og ferdsel, erfaring med store år til år variasjonar i snø- og isdekke i tiltaksområdet. Sommarsesongen er kort, og det framstår difor ikkje føremålstenleg (biologisk/driftsteknisk) å endra minstevassføringa direkte etter kalenderdato i dette høve. Til samanlikning med ein klassisk 5-persentilfordeling for sommar- og vintervassføring, vil netto vassføring over året, verta nær den same. Restvassføringa er funnen ved å trekkja slukeevna frå den estimerte vassføringa ved det aktuelle målepunktet. Målepunkta er valt ut frå kvar det fell mest naturleg å vurdere endringar i vassføringa i ein landskapsamanheng, før og etter utbygging. Når tilsiget er større enn største slukeevne til bekkeinntaket, vil overskytande vatn gå som restvassføring. Når tilsiget er mindre enn summen av minste slukeevne og minstevassføring, vert heile tilsiget sleppt i bekken.

Vassføringa i Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn, rett nedstraums inntaka før og etter utbygging, er vist for eit tørt år (1996), middels år (1986) og vått år (1992) i høvesvis Figur 12, 13 og 14, Figur 15, 16 og 17.




Figur 12 Vassføring ved inntak Grønningsbekken 2 i eit tørt år.




Figur 13 Vassføring ved inntak Grønningsbekken 2 i eit middels år.



Figur 14 Vassføring ved inntak Grønningsbekken 2 i eit vått år.



Figur 15 Vassføring ved inntak Bekk Urdabotn i eit tørt år.




Figur 16 Vassføring ved inntak Bekk Urdabotn i eit middels år.




Figur 17 Vassføring ved inntak Bekk Urdabotn i eit vått år.


Vassføringa for Grøningsbekken 2, like oppstrøms samlaupet med Grøningsbekken 1, og vassføringa for Bekk Urdabotn, like oppstrøms utlaupet i Staffivatnet, er vist for eit tørt år (1996), middels år (1986) og vått år (1992) i høvesvis Figur 18, 19 og 20, og Figur 21, 22 og 23.




Figur 18 Vassføring for Grøningsbekken 2 like oppstrøms samlaupet med Grøningsbekken 1 i eit tørt år.




Figur 19 Vassføring for Grøningsbekken 2 like oppstrøms samlaupet med Grøningsbekken 1 i eit middels år.




Figur 20 Vassføring for Grønningbekken 2 like oppstrøms samlaupet med Grønningbekken 1 i eit vått år.



Figur 21 Vassføring for Bekk Urdabotn like oppstrøms utlaupet i Staffivatnet i eit tørt år.



Figur 22 Vassføring for Bekk Urdabotn like oppstrøms utlaupet i Staffivatn i eit middels år.



Figur 23 Vassføring for Bekk Urdabotn like oppstrøms utlaupet i Staffivatn i eit vått år.

Tal på dagar i året der vassføringa er høvesvis større enn største slukeevne og mindre enn lågaste slukeevne er vist for utvalte år (Tabell 7).

Tabell 7 Tal på dagar med vassføring større enn største slukeevne og mindre enn lågaste driftsvassføring pluss planlagt minstevassføring, i utvalte år. Resultata er lik for begge bekkeinntaka, Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn.

	Tørt år (1996)	Middels år (1986)	Vått år (1992)
Tal på dagar med vassføring > største slukeevne	0	0	1
Tal på dagar med vassføring < planlagt minstevassføring + lågaste driftsvassføring	0	0	0

3.2 Vasstemperatur, istilhøve og lokalklima

Bekkane er relativt små og vasstemperaturen vert påverka av lufttemperaturen. Normalt sett fryser bekkane til i periodar om vinteren. Redusert vassføring nedstraums inntaka kan medføra marginale endringar i vasstemperatur. Fråføring av vatn vil verta meir merkbar for Grøningsbekken 2, samanlikna med bekken nedstraums Urdabotnvatn. Grøningsbekken 2 renn i stor grad mot fastare berggrunn i eit bratt terreng og vassføringa nedstraums bekkeinntaket vil i større grad avspegla minstevassføringa. Grøningsbekken 2 har ingen tydelege sidebekkar på denne strekninga. Bekkeinntaket oppstraums Urdabotnvatn ligg knappe 150 m frå vatnet, og det er hovudsakleg berre denne korte strekninga i bekken som særleg vert råka av fråføringa. Sjølv Urdabotnvatn samt restfeltet nedstraums dette, får tilførsle av vatn frå sidebekkar og vassføringa til bekkefeltet nedstraums vatnet vert betydeleg.

Verdien av områda med omsyn til vasstemperatur, istilhøve og lokalklima, er sett som liten for begge bekkane. Omfanget av tiltaket er sett til lite til middels negativt for Grøningsbekken 2 og ubetydeleg for Bekk Urdabotn. Konsekvensane for nemnde tema er såleis vurdert til liten negativ samla sett.

3.3 Grunnvatn

Grunnvassressursane i området vil ikkje verta råka av tiltaket. Terrenget i området er bratt og bekkestregane har lite innverknad på grunnvasstanden. Bekkane renn i eit område med skrint jordsmonn og erosjonsprosessar medfører at, særleg Grøningsbekken 2, fleire stader renn over mest heilt bart berg. I «NGU Grunnvannsdatabase» er det ikkje oppført brønner i området. Tiltaksområdet framstår elles med sparsamt grunnvasspotensiale.

Grunnvassverdiane knytt til bekkestregane er sett som liten. Omfanget av tiltaket er sett til liten negativ for begge bekkane. Overføringa er knytt til overflatetilsig til bekkane, og grunnvassressursane vil bli lite påverka. Konsekvensane for nemnde tema er vurdert til liten negativ.

3.4 Ras, flaum og erosjon

Flaumvassføring i bekkane kan førekoma i store delar av året, men dei største flaumtoppane ser ut til å inntreffa om hausten eller tidleg vinter. Etablering av inntak med ei slukeevne på 1,7 m³/s for Grøningsbekken 2 og 1,6 m³/s for Bekk Urdabotn, vil påverka flaumsituasjonen lokalt for bekkestregane og redusera flaumtoppane tilsvarende. Sidan det berre er overføring av vatn internt i vassdraget, og tiltaket er lite omfattande, er det ikkje venta endringar i dei regulerte flaumane. Klimaendringar og mogleg auka nedbør i det aktuelle området, må elles påreknast.


Dei øvste områda kring Grøningsbekken 2 er bratt og prega av vekslende barmark og sparsamt jordsmonn med lågt veksende vegetasjon. Området kring Urdabotnvatn og sidefelta langsmed bekken syner frodig men også lågt veksende og meir einsarta vegetasjonsdekke. I lågareliggande område

(gjeld begge bekkestrengane), finn ein innslag av myrlendt terreng og areal med djupare jordsmonn og rikare vegetasjon. Harde og langsamt forvitrbare bergartar gjer at bekkestrengane stort sett renn lite/moderat nedfelt i landskapet. Redusert vassføring nedstraums bekkeinntaka vil medføra lågare massetransport og redusert erosjon i desse områda.

Området er generelt bratt og NVE Skredatlas syner at fleire av bratthenga i området kan representera potensielle utløysingsområde både med omsyn til steinsprang og snøskred. Snøskredfaren er reell for begge inntaksområda. Det er avgrensa med lausmassar kring inntaksområdet for Grøningsbekken 2 og lite eller ikkje steinsprangfare langs dette bekkeleiet (Figur 24, a) og b)). Terrenget langs den nordvestlege sida av Urdabotnvatn er bratt med mykje eldre rasmark og her er det krevjande å ta seg fram til fots. Det er noko lausmassar og avgrensa fare for steinsprang kring inntaket (Figur 24 c) og d)). Bekkestrengen nedstraums Urdabotnvatn buktar seg fram i eit meir langstrakt, men noko inneklemt og avgreina dalføre. Langsetter begge sidene av bekkestrengen er skråningane bygd opp av eldre rasmark. Området er i mindre grad eksponert for jord- og lausmasseskred. Tilhøva og eventuell fare knytt til snøskred og steinsprang innan influensområdet, vil likevel vera uavhengig av om tiltaket vert gjennomført eller ikkje.

Naudsynt anleggsaktivitet vil verta kortvarig og vil berre i avgrensa grad påverka vassdraget med omsyn til avrenning av finsediment og tilslamming av siktedjupnad/vasskvaliteten.

Verdien av områda med omsyn til aktuelt tema er sett som liten for begge bekkane. Omfanget av tiltaket er sett til lite negativt for begge bekkane. Konsekvensane for nemnde tema er såleis vurdert til liten negativ samla sett.



Figur 24 Oversiktbilete av inntaksområde a) og b) Grøningsbekken 2 og c) og d) Bekk Urdabotn.

3.5 Raudlisteartar

NNI Resources AS har kartlagt og registrert forekomst av raudlista artar i tiltaks og influensområdet. Omtale under er henta frå Håland A. mfl., 2015. Plan om overføring av 2 sideelver i Blådalsvassdraget, Kvinnherad. Biologisk mangfold – verdier og konsekvenser. NNI-Rapport 421, 84 s.

Det vart ikkje gjort funn av raudlista fugl, karplantar, mosar og lav i tiltaks- og influensområdet under synfaringane. Jamfør Artsdatabanken-Artskart og Naturbase føreligg det registreringar av nokre raudlista fugleartar i Blådalsvassdraget. Frå tidlegare er liryte, gauk, bergirisk og gulsporv påvist sentralt i Blådalen, nær influensområda. Artane er terrestre utan spesiell tilknytning til akvatiske ressursar. Det er lite sannsynleg at dei planlagde tiltaka vil ha uønskte konsekvensar for desse artane, jfr. fagutreiar.

Eit noko større funnmateriale er å finna i «Artskart» til samanlikning med «Naturbase», men alle artane som er registrert i tiltaks- og influensområdet tilhøyrer LC-kategorien «livskraftig».

Sjølve naturtypen «elveløp» er nasjonalt raudlista i kategori NT (nær truga) (Tabell 8, Artsdatabanken 2011). Bekkestrekningane som vert råka av dette tiltaket har ikkje spesielle førekomstar av naturtypar, utover eit par mindre fossar (førekjem i begge bekkane). Det er ikkje observert større fossar, fossesprøytonar eller bekkeløfter i desse to bekkane. Bekkane er relativt små med avgrensa variasjon og vert i dette perspektivet vurdert til middels til liten verdi.

Tabell 8 Raudlista naturtypar i tiltaks og influensområdet.

Raudlista naturtype	Raudlistekategori	Funnstad	Påverknadsfaktorar*
Elvelaup	NT	Grøningsbekken 2	Kraftreguleringar, andre inngrep
Elvelaup	NT	Bekk Urdabotn	Kraftreguleringar, andre inngrep

* Kjelde: www.artsportalen.artsdatabanken.no/

I Naturbase finn ein elles kun eit par avgrensa naturtypar knytt til Blådalsvassdraget. Områda ligg perifert i høve til tiltaket og har ikkje direkte relevans til vurderingar i denne utgreiinga.

I høve til ei samla verdivurdering vert Grøningsbekken 2 sett til liten til middels verdi. Raudlista naturtype (elvelaup) og fossefall (LC) trekk opp verdien. Bekk Urdabotn renn over ei lengre strekning, og vert vurdert til middels til liten verdi. Bekken og tilknytt biomangfald er regiontypisk, men med ein relativt rik moseflora. Vassføringa nedstraums inntaket vert sterkt redusert for Grøningsbekken 2. Omfanget av tiltaket kan verke ganske negativt for einskilde artar i Grøningsbekken 2. Konsekvensane for artar og naturtypar i denne bekken vert vurdert til middels til lite negative. Vassføringa for innløpsbekken nord i Urdabotnvatnet vert også sterkt redusert over ei kort strekning. Nedstraums vatnet opprettheld vassdraget ei betydelig vassføring. Omfanget av dei negative verknadane for arter og naturtypar vert vurdert til liten til middels negative, og konsekvensane det same.

3.6 Terrestrisk miljø

NNI Resources AS har kartlagt og vurdert terrestrisk miljø i tiltaks og influensområdet. Omtale under er henta frå, Håland A. mfl., 2015. Plan om overføring av 2 sideelver i Blådalsvassdraget, Kvinnherad. Biologisk mangfold – verdier og konsekvenser. NNI-Rapport 421, 84 s.

Begge delfelta som vert omtala her, har same hovudtrekk med omsyn til naturtilhøve, med ein nedre sone karakterisert av fjellbjørkeskog av ulik utforming. Mellom denne og den ovanforliggjande lågalpine sone finn vi ei økoton, skoggrensa. Lokalt varierer skoggrensa noko, men ligg i hovudsak kring 600 moh. Nær skoggrensa er skogen tynna ut og solitære bjørketre er vanleg. Botnsjiktet har

noko einer, elles fungerer kortvaksen og krokete bjørk som buskvegetasjon, økologisk sett. Feltsjiktet er gjennomgåande dominert med ei veksling av lyng og låge bregner. Vegetasjonen av urter har ein middels artsrikdom. Tilsvarende er mykje av areala i den trefrie lågalpine sona, dominert av anten lyngvegetasjon eller låge bregner. Den subalpine bjørkeskogen langs bekkane har vanlege vegetasjonstypar og artar. I dei øvre områda, dvs. dei alpine heiane, er det også vanlege vegetasjonstypar og artar som dominerer. Ingen sjeldne eller raudlista artar vart registrerte under synfaringane, men liryte, gauk, bergirisk og gulsporv er påvist i nærområda. Potensiale for raudlista og/eller sjeldne artar i gruppene karplantar, mosar og lav, vert vurdert som lågt.

Grøningsbekken 2 renn i eit bratt landskap og naturtypevariasjonen er dermed relativt stor over ein kort avstand. Inntaket ligg over tregrensa og her er landskapet ope med noko einer og vier i botnsjiktet. Blåbær, krekling og små bregnar dominerer feltsjiktet. Det tørre botnsjiktet vert dominert av ulike artar lav, som lys reinlav og islandslav. Grøningsbekken 2 fell bratt både ovanfor og nedanfor det midtre partiet av bekkene, men småfossar gjev lite fosserøyk og dermed liten grad av fosserøyktilknytt vegetasjon og artsmangfald. Midtpartiet er karakterisert av eit slakkare område med open mark med innslag av blåbær, ormetegl, finnskjegg og gulaks. Like nedstraums dette området går bekkene gjennom eit litt brattare terreng med låge bregnar og bjønnskjeggdominert bjørkeskog. Torvmosar dominerer botnsjiktet. Små parti med rikare vegetasjonsutforming finst. Skogen har eit gjennomgåande naturskogsprege langs heile strekninga, men med låg alder på trea, små dimensjonar og lite daud ved. I dei nedre partia, på elvesletta opp mot fossen skjer bekkene seg gjennom eldre beitemark dominert av sølvbunke, finnskjegg og geitsvingel i feltsjiktet. Botndekket er dominert av torvmosar og bjørnemosar. Ved den nedre fossen er det forholdsvis rik utforming av blandingskog av bjørk og gråor, med noko innslag av rogn. I feltsjiktet finn ein låge bregnar og blåbær.

Artsmangfaldet av kryptogamar (mosar og lav) og karplantar i og langs denne bekkene synes å vera middels høgt, og steinane i vasstrengen er stadvis dekkja av mosar. Samla sett vart 49 ulike mosar, 53 ulike karplantar og 4 ulike artar lav registrert i nærområdet langs bekkene. Artane er gjennomgåande vanlege for regionen.

På strekninga mellom midtpartiet og inntaket, der bekkene slepp seg utfor i eit noko brattare terreng, blei to fossefall observert. Ein jaktande tårnfalk vart registrert i lufta over inntaksområdet.


Bekk Urdabotn strekkjer seg over eit noko lengre område samanlikna med Grøningsbekken 2. Øvre område kring Bekk Urdabotn, er på nær fri for tre, berre einskilde kortvaksne bjørk og rogn er å finna. Busksjiktet er prega av spreidd viervegetasjon. Feltsjiktet er dominert av blåbær og låge bregnar og stadvis låge urter. I botnsjiktet er torvmose, etasjemose og kransmose vanlege artar. Midtpartiet er prega av spreidd bjørketre med vierkratt. Feltsjiktet her er dominert stadvis av blåbær, tyttebær og røsslyng, mens låge bregnar og urter dominerer andre stader. I botnsjiktet finn ein hovudsakeleg vanlege moseartar. I nedre del av den undersøkte strekninga veks bjørketrea spreidd, med einer og ørevier i busksjiktet. Det smyledominerte feltsjiktet har innslag av røsslyng og blåbær, og botnsjiktet er dominert av vanlege artar av mose. Samla sett vart det registrert 39 karplantar, 76 mosar og 7 lav langs denne bekkestrekninga. Ingen raudlista artar vart påvist, og artane er elles gjennomgåande vanlege for regionen.

Samla verdi for det terrestriske naturmiljøet i tiltaks- og influensområdet er vurdert ut i frå eigne og andre uavhengige funn og økologisk tilstand, til nivået lokal og middels verdi, utan forskjell mellom delfelta. Vassføringa vert overført via borehol av kort lengde og avgrensa diameter. Det vert berre behov for små fysiske inngrep i dagen, lite negativt omfang. Dei negative konsekvensane vert små då det ikkje er påvist viktige artsførekomstar eller naturtypar i dei aktuelle tiltaksområda. Samla sett vert konsekvensane av tiltaket difor vurdert til ubetydeleg til lite negativ for det terrestriske naturmiljøet.

3.7 Akvatisk miljø

NNI Resources AS har kartlagt og vurdert det akvatiske miljøet i tiltaks og influensområdet mot botndyr og flora. Opplysningar om fisk (aure) og fiskeførekomstar, er henta frå tidlegare undersøkingar (Schei, 2000) m.m.

Grøningsbekken 2 renn i eit bratt terreng, med stort fall over ein relativt kort distanse. Bekken dannar fleire trinnvise fall med kulpar og platå innimellom. Berggrunnen er hard og elva skjer seg i avgrensa grad ned i terrenget. Elvehabitatet vekslar mellom strykstrekningar over bart berg og innslag av substrat av meir småsteina karakter. Nedre strekning er bratt og dannar eit avgrensa fossestryk (vandringshinder), før bekkene flatar ut og går i samlaup med Grøningsbekken 1 like før den renn ut i Blåelva (Figur 25). Det øvre avsnittet av Grøningsbekken 2 har ingen funksjon for fisk. Lokal bekkeare førekjem berre i eit kortare strekk i nedre del av bekkene, kring samlaup med Blåelva. Bekkefeltet lagar her ein vifteformasjon med fleire mindre laup ut i Blåelva. Opphavelag gjekk to mindre bekkar i samlaup her og danna avgreiningar mot Blåelva. Blåelva har ein småfallen aurebestand men inga anadrom fisk på dette elvestrekket. Botnsubstratet i sidebekkane er grovt og ikkje eigna som gytesubstrat. Det er utført botndyrundersøkingar i Grøningsbekken 2, men ikkje fiskeundersøkingar.



Figur 25 Oversiktsbilete av Grøningsbekken 2, a) øvre bekkestrekk, b) fossestryk /vandringshinder, og c) utløp mot Blåelva.

Urdabotnvatn er ein liten innsjø 699 moh. Innsjøen ligg i ein botn inneklemd mellom fjell på begge sider. Fleire stader går fjella rett ned i vatnet, utan nokon eigentleg strandsone. Innsjøen har to mindre innløpsbekkar og eit utløp i sør (Figur 26). I nord fell bekkene bratt ned frå Vardafjell og flatar meir ut i eit kort bekkestrekk med utløp i Urdabotnvatn. Substratet i bekkene er grovt og berre sporadisk eigna som gytesubstrat. Dei siste 50-70 m kan truleg nyttast som oppveksthabitat for yngel av fisk. I sørvest kjem det inn ein bekk med avrenning frå Vardahorga. Bekkene er relativt smal og fleire stader har kulpane overhengande kantar med høvelege skjul. Substratet er mørkt på farge men inneheld elvegrus av ein storleik som nok kan nyttast som gytesubstrat. Sistnemnde bekk har noko lengre fiskeførande strekning (100-120 m), samanlikna med bekkene i nord. Innløpsbekkane i sør er noko djupare, har lågare vasshastigheit og står fram som ein betre gytebekk i samanlikning med bekkene i nord. Størrelsen på

nedbørfelta, begge er små, tilseier likevel at bekkane har låg vassføring i periodar. I kalde år vil difor begge bekkane kunna frysa til.

Utlauvspartiet i Urdabotnvatn er roleg og øvste del av elvebotnen er dekkja med mose. Etter nokre meter vert vasstrengen meir turbulent og vel 50 m nedstraums utløpet renn bekken utfor eit mindre fall. Avhengig av vassføring og fiskestorleik, vil nok fallet vera eit naturleg vandringshinder for aure som slepp seg ned frå vatnet. I den grad fisken kan forsera fallet, vil den kunna nytta eit område på fleire hundre meter nedstraums innsjøen som gyte- og oppvekstområde.



Figur 26 Oversiktsbilete av Urdabotnvatn med, a) innløpsbekk i nord, b) innløpsbekk i sørvest, samt c) utløp frå vatnet lengst i sør.

Nedstraums Urdabotnvatnet følgjer bekken fyrst ein meir open og flatare dalbotn. På denne strekninga renn bekken med lite fall gjennom rolege parti. Dalen vert avslutta meir inneklemd og markert idet bekken slepp seg i stryk og stegvise fosseparti nedover mot Staffi-/Jamtelandsvatnet (Figur 27). Topografien i landskapet og vasshastigheita, tilseier at denne siste delen av vassdraget er lite eigna som leveområde for fisk. Staffi-/Jamtelandsvatnet er regulert og det ligg fleire vandringshinder like ved og ovanfor der bekken renn ut i vatnet.

I samband med eit tidlegare elektrofiske av innlaupsbekkane (Schei, 2000), vart det berre fanga ein aureyngel i kvar av desse innlaupsbekkane. Det vart ikkje fanga fisk i utlaupsbekken, men to mindre aurar vart observert. Liten reproduksjon i innlaupsbekkane og/eller i utlaup kan tilseia at bestanden av aure i Urdabotnvatnet ikkje er overbefolka og at fisken kan vere av betre kvalitet. Dette har også vorte

hevda av lokalt kjende i området. Representantar frå den lokale jeger og fiskeforeininga meinte den gongen at innlaupsbekken i sør nok var viktigare for reproduksjonen til fisken i vatnet enn bekken i nord.



Figur 27 Oversiktsbilete av a) bekkestrengen nedstrøms Urdabotnvatn, b) fossen ved Ågotelv, samt c) utlaup/vandringshinder mot Staffi-/Jamtelandsvatnet.

Botndyrsamfunnet vart kartlagt for Grøningsbekken 2 (ein stasjon) og Bekk Urdabotn (tre stasjonar). Artssamansetning og -mangfaldet var nær regiontypisk og representativt for kalde og meir hurtigrennande vassdrag, utan funn av raudlista arter. Små fjærmygglarvar, *Chironomidae* sp., og steinflogeartar, *Plecoptera* sp., med preferanse for små, kalde bekkar er dominerande på alle stasjonar. Steinfluger prefererer for raskt strøymande vatn, til ulikt frå til dømes dei fleste døgnflogene, *Ephemeroptera* sp., som føretrekk meir moderate strauømhastigheiter. Tal på steinflueartar i Bekk Urdabotn seier noko om ein relativt hurtigrennande bekk. Begge bekkane er heterotrofe, noko som betyr at produksjonen i bekkane vert oppretthalden og stimulert av organisk materiale, tilført utanfrå. Tal på taksa i dei to øvre prøvestasjonane i Bekk Urdabotn er moderat og diversiteten av EPT-artar (døgnfluger, steinfluger og vårfluger) er normalt høg. For dei to andre stasjonane var artsdiversiteten noko lågare. Den lågare totale artsdiversiteten på dei sistnemnde stasjonane er knytt til eit lågare tal EPT-artar, artar som mellom anna er meir sensitive for organisk belastning. Førekkomsten av den sterkt

forsuringssensitive døgnfluga, *Baetis rhodani*, i begge bekkane indikerer lita eller inga forsuringssproblem i sidebekkane. Begge bekkane er dominert av artar som er «samalarar» og til ei viss grad planterestetare, til dømes fjærmygg. Artsdiversiteta i bekkane er elles liknande kva ein har påvist i andre sidebekkar i Blådalsvassdraget (Meland, 2014). Tiltaket vil medføre at vassføringa i Grøningsbekken, samt innløpsbekken nord i Urdabotnvatn, vert sterkt redusert. Minstevassføringa er foreslått til 10 l/s for begge bekkeinntaka, og skal haldast konstant gjennom året. Redusert vassføring/vassdekt areal vil kunne redusera bestandane og samla produksjon av botndyr i Grøningsbekken 2, men i lita grad påverke forholda knytt til Bekk Urdabotn.

To fossekallar vart observert i Grøningsbekken 2 under synfaring, og ei strandsnipe vart observert ved Blåelva, like ovanfor Grønningen. Artane er vasstilknytte og bestandssituasjonen for begge vert betegna som livskraftige i dag.

Blådalsvassdraget var opphavleg/er brepåverka (gjeld fleire av innsjøane) og ein finn ikkje elvemusling her. Vassdraget har naturlege vandringshindre, er regulert, og utan potensiale for ål.

Verdien av det akvatiske dyrelivet i dei to omtala bekkane, er sett til liten til middels. Omfanget av tiltaka er middels negativt for Grøningsbekken 2 og lite til middels negativt for Bekk Urdabotn. Konsekvensane for det akvatiske miljøet er såleis vurdert til middels til liten negativ samla sett.


3.8 Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag

Tiltaksområdet er ikkje verna eller foreslått verna. Folgefonna nasjonalpark vart oppretta i 2005 og ligg utanfor tiltaks- og influensområdet.

Blådalsvassdraget, inklusiv dei omtala sidebekkane, Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn, er ikkje omfatta av Verneplan for vassdrag og har ikkje status som nasjonalt laksevassdrag. Blåelva renn ut i Matersfjorden, og denne er ikkje omfatta av dei nasjonale laksefjordane.

3.9 Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON)

Tiltaksområdet ligg dels i landskapsregion «Breene», underregion Folgefonna, dels i landskapsregion «Midtre bygder på Vestlandet», underregion Åkrafjorden (Figur 28).



Figur 28 Landskapsregionar i influensområdet til dei aktuelle bekkeinntaka.

Dei planlagde bekkeinntaka ligg langs Blådalsvassdraget i Kvinnherad kommune. Vassdraget har utspring på sørsida av Folgefonna, er opphavleg brepåverka, og renn ut i Matersfjorden. Det er eit storkupert og variert fjellandskap med djupe dalar og høge fjelltoppar. Spennvidda i naturtypar er merkbar frå fjord og grønkledd lauvskog, via snaufjell til isblå bretunger.

Blådalsvassdraget er vesentleg regulert for vasskraftføremål gjennom 14 løyve. Vassdraget er bygd ut gjennom snart 70 år, og omfattar i dag 6 kraftverk og 8 reguleringsmagasin av ulik storleik. I tillegg til tillaupstunellar og overføringar innan vassdraget, vert det også overført vatn frå nabovassdrag. Alle kraftverka og dammane kan nåast på køyreveg, og det er overføringsliner på fleire spenningsnivå i området. Utbygginga av vassdraget har auka tilkomsten til området, men pregar sjølvstakt landskapet her.

Sjølve Grøningen ligg sentrert i Blådalsvassdraget, like sørvest av Brandvikhorga. Bekken renn ned på austsida av Vardafjellet/Brattagrø med utlaup i Blåelva (Figur 29a). Området kring Grøningen ligg avgrensa til i eit dalføre mellom Vardafjell i vest, Brandvikhorga i nordaust, med Dyrnuten og Hillarsfjellet i sør. Blåelva renn ut av Brandvikvatnet og ned i eit meir ope slettelandskap ved Grøningen (Figur 29b). Herfrå dreiar elvelaupet mot sør, slepp seg vidare gjennom eit skar, og renn ut i Staffi-/Jamtelandsvatnet .



Figur 29 Landskapsbilete, a) kring Grøningsbekken 2, med høvesvis utsikt søraust over mot b) Brandvikvatnet

Bekkeinntaket i Urdabotn er planlagd ved tillaupsbekken like nordvest for vatnet (Figur 30, a). Sjølve Urdabotnvatnet ligg 699 moh søraust for Vardafjellet og utlaupsbekken renn sørover mot Bergafjellet der den dreier sørvestover og munnar ut i Staffi-/Jamtelandsvatnet, på motsett side av Veslafjellet (Figur 30, b). Eit storkupert fjellandskap med vekslande innhald av vatn og bekkefelt merkar landskapet og set eit tydeleg preg på dette.

Dei eksponerte og øvre fjellområda er mest frie for vegetasjon. Langs fjellsidene og bekkefelta elles finn ein eit frodig men kortvakse vegetasjonsdekke, dominert av blåbærlyng, krekling, blokkebær

m.m. Det er lite tre langs bekkestrengane, med unntak av dei nedste strekka der bekkane munnar ut i høvesvis Blåelva og Staffi-/Jamtelandsvatnet.



Figur 30 Landskapsbilete av a) Urdabotnvatn, med utlaupsbekk og b) vidare bekketrase mot endeleg utlaup.

Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn har begge innslag av mindre fossefall og stryk som set sitt preg på landskapskarakteren lokalt når det er høg vassføring. Under elles meir vanlege tilhøve, er bekkane lite synlege i landskapet. Grøningsbekken 2 har eit lite restfelt og ei minstevassføring på 10 l/s vil ikkje avbøte dei negative landskapsverknadene av vassføringsreduksjonen her. Det er ingen inngrep i denne delen av bekken frå før, men sjølve område er påverka av linjespenn og ein eldre og dårleg

tilpassa tipp. Eksisterande bekkeinntak i Grøningsbekken 1, ligg like nordaust for det planlagde inntaket, og er tidlegare regulert til liks med Blåelva sjølv.

Vassdraget nedstrøms Urdabotnvatnet vil oppretthalda sitt naturlege landskapsinntrykk og fossestrengen på nordsida av hyttefeltet vil langt på veg ivareta sin eksisterande vassføringsdynamikk. Naturleg restvassføring er stor i høve til føreslått minstevassføring.

Ei fotovisualisering av vassdraget i høve til ulik vassføring vert framstilt i Figur 31. Bekkane er klassiske «Vestlandsbekkar», dei responderer raskt på nedbør og avrenning, og syner stor naturleg variasjon i vassføring.



Figur 31 Presentasjon av Grøningsbekken 2 gitt tre ulike vassføringar; a) «høg vassføring» $0,33 \text{ m}^3/\text{s}$, 8. juli 2015, b) «middels vassføring» $0,05 \text{ m}^3/\text{s}$, 19. aug 2015 og c) «låg vassføring» $0,01 \text{ m}^3/\text{s}$, 11. sep 2015, samt Bekk Urdabotn; a) «høg vassføring» $1,0 \text{ m}^3/\text{s}$, 8. juli 2015, b) «middels vassføring» $0,15 \text{ m}^3/\text{s}$, 19. aug 2015 og c) «låg vassføring» $0,03 \text{ m}^3/\text{s}$, 11. sep 2015.


Det er ikkje innsyn til bekkeinntaka frå dalen og inntakskonstruksjonane blir difor berre synlege lokalt. Det er planlagt ein enkel betongdam med overlaup mot bekk, for kvart av inntaka. Lengda på damkrona blir høvesvis kring 7 og 10 m for inntak Grøningsbekken 2 og inntak Bekk Urdabotn. Høgda frå elvebotn til overlaup vert kring 3 m, og lik for begge inntaka. Neddemt areal vert sterkt avgrensa, og utgjer om lag 70 til 100 m^2 . Inntaka vert utført som to boresjakter. Kvart av pilothola vil gje opphav til om lag $7\text{-}8 \text{ m}^3$ med finkorna masse som det vert søkt om å få deponert lokalt kring inntaksområdet. Vidare opprøemming av borehola skal utførast innanfrå og ut. Frigjort massevolum vil bli handtert i sandfanget til eksisterande vasstunell.

Verdien av landskapskarakterane for områda er sett til middels, noko høgare for områda kring Grønningen, samanlikna med området nedstraums Urdabotnvatn. Omfanget av tiltaka er middels til stor negativ for Grøningsbekken 2 men liten negativ for Bekk Urdabotn. Konsekvensane for nemnde tema er såleis vurdert til liten til middels negativ samla sett.

INON

Figur 32 og Tabell 9 viser status for inngrep i området i dag, samt situasjonsbilde, gitt nye inngrep. Ingen av bekkeinntaka ligg innanfor inngrepsfri sone. Inntak Grøningsbekken 2 medfører ikkje bortfall av INON. Etablering av inntak i bekk oppstrøms Urdabotnvatn fører til bortfall av ca. 0,9 km² inngrepsfri natur, sone 2 (1-3 km frå eksisterande inngrep).

Berekningane av bortfall av areal er gjennomført ved bruk av Miljødirektoratet sin bortfallskalkulator og tilhørande rapport er tilgjengeleg på: <http://inonkart.miljodirektoratet.no/inon/bortfall/rapport/1410-SIXZQP/pdf>).



Figur 32 Status for inngrepsfrie naturområde før og etter tiltak, samt presentasjon av berekna bortfall (Kjelde: Miljødirektoratet, rapport for berekning av bortfall av inngrepsfri natur ved simulering av nye inngrep, ref. lenke: <http://inonkart.miljodirektoratet.no/inon/bortfall/rapport/1410-SIXZQP/pdf>).

Tabell 9 Berekning av endra/tapt INON areal.

INON sone	Areal som endrar INON status	Areal tilført frå høgare INON soner	Netto bortfall
1-3 km frå inngrep	0,93	0	0,93
3-5 km frå inngrep	0	0	0
>5 km frå inngrep	0	0	0

Alle tal i km²

Aktuelt INON-område er sett til liten verdi, knytt til kriterium gitt av Olje- og energidepartementet (2007). Inngrepa knytt til bekkeinntaka vil i sum, berre i lite omfang påverka eksisterande INON. Utbygginga vil redusera dagens INON areal sone 2, med 0,9 km². Konsekvensane for temaet INON er såleis vurdert til liten negativ.

3.10 Kulturminne og kulturmiljø

Namnet Blådalsvassdraget blir her brukt om dalføret som strekk seg frå Folgefonna i nordaust, sørvest mot Matre i Matersfjorden, ein nordgåande fjordarm ved innlaupet til Åkrafjorden. Dalføret ligg i søraustre del av Kvinnherad kommune, og grensar mot Etne kommune. Som fylgje vil inngrep i samband med tiltaket bli vurdert opp mot kulturmiljø langs Blådalsvassdraget. Ettersom dei fysiske inngrepa er avgrensa, og hovudsakleg gjeld fråføring av vatn frå to spesifikke bekkar, vil dei bli vurdert mot kulturmiljø innan det aktuelle influensområdet, ikkje mot heile dalen.

Kort historikk

Vi kjenner ikkje til dei forhistoriske spora i Blådalsvassdraget, men det er ikkje usannsynleg at området var i bruk i forhistorisk tid. Gjennom middelalderen vart jordbruket intensivert, og eldste skriftlege kjelde som nemner Matre, er eit salsbrev frå 1314. Indre Matre har setra Nesjastølen, noko aust for Fjellhaugen, men det er ukjent kor langt tilbake i tid denne går.

Fjellhaugen gard i nedre del av Blådalsvassdraget vert nemnt som ødegård i 1590, noko som peikar på bruk i middelalderen, kanskje før. På 1600-talet betalte garden landskyld til Ludvig Rosenkrantz. Det skal også ha vore sådd korn her, sjølv om garden var tungdreven. Under denne garden låg fire stolar (setrane Fagnafotstølen, Steinastølen, Øyralio og Storbjørnslio), som vitnar om for så vidt ekstensiv drift i dette fjellområdet.

Garden Bjørnabøle låg ved Bjørnabølvatnet, som i dag er demt ned og kalla Fjellhaugvatn. Også denne garden er nemnt som ødegård på 1500-talet og var truleg i bruk i middelalderen. Bruket Jamtaland låg noko høgare enn Fjellhaugen og Bjørnabøle, ved Jamtelandsvatn, men vi kjenner til at dette bruket er eldre enn 1600-talet, og gjekk av bruk på slutten av 1700-talet. Fjellhaugen og Bjørnabøle dreiv utstrakt seterdrift i fjellområda, og leigde ut beitemark for eit større omland.


Gjennom første halvdel av 1900-talet var det mange planar for utnytting av kraftpotensialet i «Blåfallene». Det var også planar om etablering av «Blaafos by» med produksjon av karbid og sink i Matre, men desse planane vart ikkje realiserte.

Dei store kraftutbyggingane i Blådalsvassdraget føregjekk på 50- og 60-talet og medførte store endringar i landskapet. Som følgje av oppdemming vart delar av Fjellhaugen og Bjørnabøle lagt under vatn.

Over gardane Fjellhaugen og Bjørnabøle ligg det ei rekkje stolar langs Blådalsvassdraget. Primært er dei konsentrert langs elveleiet, men det er også fleire høgareliggjande stolar. Tradisjonelt har gardane Fjellhaugen og Bjørnabøle delt stølane seg i mellom, med Blåelva som grense. Bjørnabøle hadde stølane på nordsida. Frå eit kulturminneperspektiv er det stølane som definerer området, og stølsdrifta har også gitt seg i ei rekkje stadnamn knytt til dyr-, ku-, ver-, stut- etc. forutan alle støls- og seternamna.

Omgrepa seter og støl vert nytta om kvarandre, sjølv om vi har lokale og regionale variasjonar av bruken her i landet. Etymologisk tyder namnet på at ein støl var nærast ein mjølkeplass, gjerne nær garden og ikkje nødvendigvis lagt til rette for overnatting. Setra set ein i samband med lengre busetjing eller overnatting, og kan dermed vere lengre vekk frå garden. Ofte med eit sel for overnatting, og andre bygningar for dyr og oppbevaring. Vidare kan setrane delast inn etter ulike bruk: Vår-, sommar- og haustsetring attspeglar når eit område blei snøfritt og frodig og kunne nyttast. Fullsetring brukar ein gjerne om setra kor folk blei buande i lang tid, ofte langt frå hovudgarden. Avstandane er ikkje større i Blådalsvassdraget enn at fullsetring verkar mindre aktuelt, men etter som beitemarkene vart leigd ut til andre gardar, kan området gjerne ha hatt eit visst preg av slik setring.

Setrane si lokalisering var bestemt ut frå fleire faktorar, primært måtte området gje godt beite og tilgang til vatn. Setra måtte også ha tilkomst, med ei form for veg eller sti for folk og fe. Det ville også vere naturleg å legge setra til eit sjølvdrenerande eller tørrare område av omsyn til hus, lagring og dyrehald generelt (mjølking). Ei oversikt over setrar og ulike kulturmiljø langs Blådalsvassdraget er presentert i Figur 33.



Figur 33 Setre langs Blådalsvassdraget (Skaala et al., 2011).

Kulturmiljø ved Grøningen


Av kartet går det fram at det er to stølar, høvesvis Grøningen (Grydningsdal) og Viersstøl, som begge ligg innanfor influensområdet for tiltaket. Status for desse vil verta omtala. Stølane vil ikkje verta fysisk råka av tiltaket, men vassføringa nedstrøms dei aktuelle bekkeinntaka vil verta redusert i desse områda.

Stølen Grøningen ligg på nordsida av Blåelva, sentralt langs Blådalsvassdraget, og låg opphavleg under garden Bjørnabøle. Øvre Grøningen ligg høgare oppe i fjellet, like nord for Grøningen, og dyra kunne flyttast opp her når området vart snøfritt og Grøningen var nedbeita. Grøningen og Øvre Grøningen var av dei seterbeita som Bjørnabøle leigde ut. Dei to setrane gjekk av bruk rundt 1900, med ukjend brukstid før dette (Skaala et al., 2011).

I dag står det att murar etter fire bygningar på Grøningen (Figur 34, a til c). Det er usikkert om alle desse har vore sel eller om nokon har hatt andre funksjonar. Bygningane var nødvendigvis ikkje i bruk samstundes. Eit eldre fotografi syner stølen med ein bygning (Figur 34, c).

Retten sørvest for stølstuffene er det sett opp ei moderne hengjebri i dag. Ved sia av brua er det spor etter brufundament som er av eldre dato. Denne skal ha blitt tatt av flaum. På begge sider av elva sørover er det eldre vegfar. Faret på sørsida av elva er nærast ein kjerreveg som kan ha vorte etablert i samband med kraftutbygginga, men den står fram som eldre enn det. På nordsida går det ein smal og

brattlendt sti. Vidare er det tale om ein stølsveg noko lenger mot nord, eit stykke frå elva (Skaala et al., 2011, Figur 35).



Figur 34 Grøningen med a) og b) fire tufter som er synlege i dag. c) Øvst til høgre eit eldre fotografi som syner Grøningen med eit av sela. d) Nede til høgre finn ein restar etter eit eldre brufeste, etablert for kryssing av elva (Fotografi frå «Fagrapport Kulturminner og kulturmiljø», konseskvensutredninger Blåfalli Fjellhaugen kraftverk, 2014 og Skaala et al., 2011).



Figur 35 Stølsvegar, a) på sørsida av elva, og b) ein smalare og delvis oppmurt sti på nordsida av elva.

Kulturmiljø ved Vierstøl

Vierstøl vart nytta som sommarstøl med fjellbeite like sørvest for Urdabotnvatn. Beitevekstane kom seinare her enn nede ved Jamtelandsvatnet. Dyra (kyrne) vart ofte drivne til Vierstøl etter først å ha

beita nokre veker på Jamtastøl. I dag står det berre att tre murar på Vierstøl etter seterdrifta som tok ende ein gong kring år 1900 (Figur 36).



Figur 36 Vierstøl (Skaala et al., 2011).

Bortsett frå ein tuft ved Vetrhus frå nyare tid (ID111290), er det ikkje registrert kulturminne i denne delen av Blådalsvassdraget, ref. Askeladden, Riksantikvaren sin kartdatabase. Det er heller ikkje registrert lausfunn av arkeologiske gjenstandar kring Blådalsvassdraget (Unimus.no). Potensiale for funn av automatisk freda kulturminne i dette området, vart signalisert som lite frå Hordaland fylkeskommune i samband med ei konsekvensutgreiing i 2014 («Konsesjonssøknad for Blåfalli Fjellhaugen kraftverk, 2014»).

Dei kulturminneverdiane som er funnen, er knytt til stølsdrifta og spor av det, og er i stor grad kulturminne frå nyare tid. Kulturminna har ikkje noko formell eller juridisk status som kulturminne. Kulturminna er restar/ruiner av tidlegare stølsbygningar, truleg nytta i ein avgrensa periode. Som restar/ruinar av sel eller anna bygning er dei vanleg å finna både lokalt og regionalt. Som lokalitetar utgjer dei eit kulturmiljø i samspel med terrenget, noko som gir muligheit for beite og vatn. I ein større samanheng er dei to av mange stølar langs Blådalsvassdraget. Stølane ved Grøningen er likevel samansett av fleire byggverk, har brukbart med beitemark og framstår av større verdi, samanlikna med Vierstøl.

Kulturminneverdiane for områda er sett til liten til middels, høgast er den for stølane kring Grøningen. Omfanget av tiltaka er liten til middels negativt for Grøningsbekken 2, men ubetydeleg for Bekk Urdabotn. Konsekvensane for nemnde tema er såleis vurdert til ubetydeleg til liten negativ samla sett.

3.11 Reindrift

Det er ikkje reindriftingsinteresser i området, og ein reknar ikkje temaet som relevant for prosjektet.

3.12 Jord- og skogressursar

Det blir ikkje drive jordbruk i tiltaksområdet, og arealet er fritt for skogressursar. Begge sider av dalføret er årleg i bruk som sommarbeite for sau. Tiltaksområdet ligg på vestsida av Blåelva der Kvinnherad kommune er grunneigar. Bjørnebøle beitelag disponerer beiterettane i dette området, og slepp årleg om lag 1 200 sau på beite. Beiteområdet utgjer ein ressurs og er viktig for landbruket i Kvinnherad. Blåelva er regulert, og redusert vassføring i elva saman med stadvis vekslande og bratt topografi, har redusert vassdraget sin funksjon som naturleg gjerde for beitedyra. Terrenget er bratt og fleire stader ulent, og sidebekkane har heller inga permanent gjerdeeffekt.


Samla sett vert tiltaks- og influensområdet vurdert til liten lokal verdi med omsyn til tradisjonell jord- og skogbruk. Tekniske inntaksløysingar vert fysisk sett små, og omfanget av tiltaket vert vurdert til lite negativt. Tiltaket medfører elles redusert vassføring nedstraums bekkeinntaka, med berre liten negativ konsekvens for tema knytt til tradisjonelt landbruk.

3.13 Ferskvassressursar

Vasskvaliteten i Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn framstår som tilfredstillande, men er sett til «moderat» i databasen Vann-Nett. Vasstrengen er næringsfattig med lite tilførsel av organisk materiale. Grøningsbekken 2 renn i eit bratt og aude terreng. Forutan lokal vegetasjon og naturleg dyreliv, er det hovudsakleg vandrande beitedyr som nyttar vassressursane her i sommarmånadane. Fråføring av vatn vil redusera bekkestrengen sitt potensiale som resipient i noko omfang, men slepp av minstevassføring vil avbøta dette i nokon grad. Bekkeinntaket oppstraums Urdabotnvatn ligg knappe 150 m frå vatnet, og det er hovudsakleg berre dette korte bekkestrekket som vert særleg råka av fråføringa. Sjølve Urdabotnvatn samt bekkefeltet nedstraums dette, får tilførsel av vatn frå sidebekar og restvassføringa til bekkefeltet nedstraums vatnet vert betydeleg. Eit mindre område vest for Staffi-/Jamtelandsvatn er regulert for fritidsbusetnad og det er oppført omlag 25 til 30 hytter i dette området (Figur 37). Bekken frå Urdabotnvatn renn like på nordsida av hyttefeltet. Til fleire av dei elvenære hyttene ligg det framført overflateløysingar med røyr/slangar, som sikrar vassforsyninga her. Naturleg restvassføring er stor og minstevassføringa kjem i tillegg. Samla middelvassføring i bekken der anleggsvegen kryssar denne, er rekna til 73 % av dagens årsmiddel, dersom tiltaket vert gjennomført (Figur 38). I følgje NGU grunnvassdatabase, er det ikkje avmerkt brønnar i det aktuelle området. Busetjing og aktivitet frå menneske kan påverka vasskvaliteten mikrobielt. Etablering av praktiske og trygge sanitære løysingar vert difor naudsynt.



Figur 37 Nedre deler av Bekk Urdabotn renn på nordsida av hyttefeltet og vert nytta som vassforsyning til nokre av dei næraste fritidsbustadene på vestsida av Staffi-/Jamtelandsvatnet.



Figur 38 Beregna vassføring (før og etter utbygging) like nedstrøms hyttefeltet. Relativ forskjell er mykje den same for tørt, middels og vått år.

Bekkefelte sin verdi som lokal forsyningskjelde vert vurdert til lita for Grøningsbekken 2 og av middels til stor verdi for Bekk Urdabotn. Omfanget av tiltaket vert vurdert til middels til stort negativt for Grøningsbekken 2 og som liten til middels negativ for Bekk Urdabotn. Samla konsekvensar for vasskvalitet og -forsyning vert difor vurdert som liten til middels negativ.

3.14 Brukarinteresser

Kvinnherad har eit variert friluftstilbod over store delar av kommunen, med attraksjonar knytt til Folgefonna, Bondhusbreen, Sunndal, Baroniet, Halsnøy Kloster, Hardangerfjorden m.m. Hovudattraksjonane for reiselivsnæringa ligger utanfor tiltaks- og influensområdet til Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn. Utbygging av Blådalsvassdraget, med etablering av anleggsveggar her, har likevel gjort dalføret lettare tilgjengeleg. Området byr på ei rekkje muligheiter for dei som er interessert i å praktisere tradisjonelt friluftsliv, både i form av skigåing/turgåing, haustingsaktiviteter (bærplukking, jakt og fiske) og generell rekreasjon. Viktige område er mellom anna turløypa frå Blåfalli IV kraftverk til Svelgabreen, Vetthusvatna og Brandvikvatn. Særleg dei øvre delane av vassdraget er vurdert til å ha stor friluftslivsverdi lokalt, middels regionalt og liten nasjonalt.

To reiselivsbedrifter, Folgefonna Breførarlag og Wilderness Norway, nyttar anleggsvegen innover Blådalsvassdraget i samanheng med organiserte turar til Møsevassbreen og kajakkurar på Møsevatn. Fjellhaugen Skisenter ligg rett sør for Fjellhaugvatn og tilbyr skitrekk og preparerte løyper. Det er ikkje etablert overnattingstilbod eller liknande fasilitetar innanfor eller i nærleiken til planområdet, men det hender at tilreisande slår opp telt, m.a. ved Vetthus, Brandvikvatnet eller ved Grønningen.

Folk flest vil reagere negativt på inngrep dersom desse vert synlege i terrenget. Arealinngrepa er små i dette høvet og bekkestrekningane som vert omfatta av tiltaket framstår ikkje som dominerande landskapselement.

Samla sett er tiltaks- og influensområdet vurdert til middels verdi med omsyn til friluftsliv. Sjølv omfanget av tiltaket er vurdert til lite til middels negativt for friluftsliv, der endring i vassføring for Grøningsbekken 2 tel mest. Avbøtande tiltak, slepp av minstevassføring, veg ikkje opp for bortfall av stadvis fossevassføring som ein opplever i nedbørrike periodar i dag. Konsekvensen med omsyn til friluftsliv er sett til liten til middels negativ. Tiltaka vert kun vurdert til å ha ubetydelig til liten negativ konsekvens for reiselivsnæringa, isolert sett.

3.15 Samfunnsmessige verknadar

Inntak av desse to bekkane vil medverke til auka produksjon av fornybar kraft i Blåfalli III kraftverk med 4,8 GWh. Vassvolumet vert nytta i dag, men frå ei lågare høgde. Sjølv utbygginga er lita og vil berre i avgrensa grad, positivt påverke næringsliv og sysselsetting lokalt i anleggsfasen.

3.16 Kraftliner

Det er ikkje naudsynt med linjeutbygging i samband med tiltaket.

3.17 Dam og trykkroyr

Inngrepa er av enkel karakter og vi kan ikkje sjå at dei skapar utfordringar knytt til dam. Overføringa vert etablert som sjaktboring frå kvart av inntaka rett inn på vasstunellen til Blåfalli III kraftverk. Det vert ikkje nytta noko form for trykksette royr.

3.18 Ev. alternative utbyggingsløyser

Dette er ei enkel overføring av to mindre bekkeinntak, vegfritt og med små arealinngrep. Det er ikkje vurdert alternative løysningar.

3.19 Samla vurdering

Prosjektet gjeld overføringar i avgrensa omfang, for to mindre bekkeinntak. Forskjellar i verdifastsetjing og avgrensing i omfang, for dei einskilde fagtema, førekjem naturleg (Tabell 10).

Venta konsekvensar er små for dei fleste fagtema, men kan variera noko frå liten til middels negativ for deltema landskap, ferskvassressursar, akvatisk miljø og brukarinteresser. Dei fysiske inngrepa på staden vert ikkje dominerande, men fråføring av vatn rårar ved nokre av dei nemnde fagtema. Samla usikkerheit i konsekvensvurderingane er lita til middels.

Tabell 10 Konsekvensgrad for dei ulike fagtema, vurderingar er føretatt av søkjar og eller konsulent.

Tema	Konsekvens	Vurdering søkjar/konsulent
Vasstemp., is og lokalklima	<i>Liten negativ</i>	<i>Konsulent/søkjar</i>
Ras, flaum og erosjon	<i>Liten negativ</i>	<i>Søkjar</i>
Ferskvassressursar	<i>Liten til middels negativ</i>	<i>Søkjar</i>
Grunnvatn	<i>Liten negativ</i>	<i>Søkjar</i>
Brukarinteresser	<i>Liten til middels negativ</i>	<i>Søkjar</i>
Raudlisteartar	<i>Liten til middels negativ</i>	<i>Konsulent</i>
Terrestrisk miljø	<i>Ubetydeleg til liten negativ</i>	<i>Konsulent</i>
Akvatisk miljø	<i>Middels til liten negativ</i>	<i>Konsulent/søkjar</i>
Landskap	<i>Liten til middels negativ</i>	<i>Søkjar</i>
INON	<i>Liten negativ</i>	<i>Søkjar</i>
Kulturminne og kulturmiljø	<i>Ubetydeleg til liten negativ</i>	<i>Søkjar</i>
Reindrift	<i>Ikkje relevant</i>	<i>Søkjar</i>
Jord og skogressursar	<i>Liten negativ</i>	<i>Søkjar</i>
Oppsummering	<i>Liten til middels negativ*</i>	<i>Søkjar</i>

* Konsekvensane for dei ulike fagtema er naturleg ulike og det vert difor metodisk vanskeleg og ikkje riktig å uttrykkja desse felles.

3.20 Samla belastning

Inngrep knytt til utbyggingar både åleine og i sum innafør eit geografisk avgrensa område, vil påverke ei rekkje verdiområde, som til dømes; miljø, landskap, friluftsliv, naturmangfald m.m. Naturleg tilkomst til Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn, gjeng gjennom avkøyrsla frå fylkesveg 40 mot Fjellhaugen og Blådalsvassdraget. Dei aktuelle bekkane må «oppsøkjast» i terrenget og er berre i liten grad (korte strekk), synleg frå anleggsvegane langs Blådalsvassdraget.

Nærliggande til Blådalsvassdraget har vi Omvikdalen og Åkrafjorden. Sjølv om områda har ei geografisk nærleik til kvarandre, er dei ulike når det kjem til landskaps-, natur- og friluftskarakter. Skilnadar i landskapsformer og naturtypar områda imellom, tilseier at ei utbygging i eit av områda, i lita grad påverkar dei tilstøytande områda direkte. Aktivitetar i eit område «smitter i liten grad av» til tilstøytande områder.

Landskapsrommet i Blådalen er markant avgrensa av fjella/topografien i dalføret. Legg vi NVE Atlas til grunn, framkjem ei oversikt over eksisterande og omsøkt kraftverksaktivitet i dette aktuelle området (Figur 4). Blådalsvassdraget er omfattande regulert, bygd ut gjennom snart 70 år, og omfattar i dag 6 kraftverk og 8 reguleringsmagasin av ulike størrelsar. I tillegg til tillaupstunellar og overføringar innanfor vassdraget, vert det også overført vatn frå nabovassdrag. Alle kraftverka og dammane kan ein nå på køyreveg, og det er overføringsliner på fleire spenningsnivå i området. Utbygginga av vassdraget har auka tilkomsten til området, men pregar sjølv sagt landskapet her. Det er inga typisk småkraftaktivitet i Blådalsvassdraget. Slik aktivitet finn ein derimot meir av i det kringliggjande fjordlandskapet i regionen elles.

Det fjordnære landskapet er bratt og utbyggingar her rårar oftast vassføringa og det visuelle landskapselementet som vassstrengen representerer. Dei omsøkte bekkane er små og lite eksponerte.

Sjølve tiltaka er i dette høve mindre omfattande og framkjem i sum, som lite belastande med omsyn til samla verknad.

For ytterlegare omtale av temaet, og ei meir detaljert skildring av eksisterande utbyggingar i Blådalsvassdraget, syner vi til «Konsesjonssøknad og konsekvensutgreiingar for Blåfalli Fjellhaugen kraftverk, 2014».

4 Avbøtande tiltak

Minstevassføring

Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn har eit trivielt natur- og artsmangfald. Som tiltak for å avbøta for dette mangfaldet foreslår vi slepp av ei fast minstevassføring for kvart av inntaka tilsvarande 10 l/s gjennom heile året. Inntaka ligg høgare enn 700 moh i eit krevjande tilgjengeleg landskap, og i kort avstand til breen, Folgefonna. Vi erfarer store variasjonar frå år til år i snødekke og isgang m.m. i tiltaksområdet. Sommarsesongen er kort, og det framstår ikkje som hensiktsmessig i dette høvet (biologisk eller driftsteknisk), å endre minstevassføringa direkte etter kalenderdato. Til samanlikning med ei klassisk 5-persentilfordeling for sommar- og vintervassføring, vil netto vassføring over heile året, verta nær den same. Slepp av minstevassføring er venta å ha størst effekt for Grøningsbekken 2, då omfanget av anna restvassføring/tilsig er lite til denne bekken. Urdabotnvatn og bekken nedstraums har godt tilsig, og foreslått minstevassføring er mindre avgjerande her. Ei vurdering av minstevassføring kontra kraftproduksjon, kostnader og miljøkonsekvensar er presentert i Tabell 11.

Tabell 11 Minstevassføring kontra kraftproduksjon, kostnader og miljøkonsekvensar.

Alternativ	Vassføring (l/s)	Produksjon (GWh/år)	Reduksjon i produksjon	Kostnader (kr/kWh)	Miljøkonsekvens (ref. NNI-Rapport)
Grøningsbekken 2					
Alminneleg lågvassføring	3,7	0,08	3%	*	**
5-persentil sommar	17,8	0,20	8%	*	**
5-persentil vinter	3,6				**
Fast minstevassføring	10	0,20	8%	*	**
Bekk Urdabotn					
Alminneleg lågvassføring	3,4	0,07	3%	*	**
5-persentil sommar	19,1	0,20	9%	*	**
5-persentil vinter	3,3				**
Fast minstevassføring	10	0,20	9%	*	**

* Kostnaden vil vera om lag 105% av gjennomsnittleg spotpris, sidan vatnet har god regulering

** Med omsyn til miljøkonsekvensar, synar ein til BM-Rapport frå NNI.

Val av teknologi

Overføringane vert gjennomført som boresjakt. Sjaktboringa er planlagt utført med borerigg, fyrst pilotboring (Ø=280 mm) utanfrå og inn, sidan opprømming (Ø=1060 mm) innanfrå og ut. Dette bidreg til å redusera arealinngrepa kring inntaka, og avgrensar omfanget av overskotsmassar.

Boremasser

Borehola er korte og pilotboringa vert utført med ei lita borekrone. Kvart av pilothola vil gje omlag 7-8 m³ med finkorna massar som det vert søkt om å få deponert lokalt kring inntaksområdet. Vidare opprømming av borehola skal utførast innanfrå og ut. Frigjort massevolum vil verta handtert i sandfanget til eksisterande vasstunell. Massevolumet utgjer omlag 100 m³ pr. boresjakt og vil verta nytta til tenlege formål når sandfanget rutinemessig vert reinska.

5 Referansar og grunnlagsdata

Norges vassdrags- og energidirektorat: Veileder i planlegging, bygging og drift av små kraftverk. Ny utgave 1/2010. <http://www.nve.no>

Norges vassdrags- og energidirektorat: Veileder: Kartlegging og dokumentasjon av biologisk mangfold ved bygging av småkraftverk (1-10 MW) – revidert utgave 3/2009. <http://www.nve.no>

Statens vegvesen, 2014. Konsekvensanalyser – nr. V712 i Statens vegvesens håndbokserie. Statens vegvesen. <http://www.vegvesen.no>

Hordaland fylkeskommune: Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021 <http://www.hordaland.no>

Hordaland fylkeskommune: Klimaplan for Hordaland 2014-2030 <http://www.hordaland.no>

NVE: Skjema <http://www.nve.no>

NVE: Lavvannapplikasjon <http://gis.nve.no>

NVE Atlas: <http://atlas.nve.no> eller <http://skredatlas.nve.no>

Skog & Landskap: Kartdatabase <http://www.skogoglandskap.no>

Miljødirektoratet: Naturbase <http://kart.naturbase.no>

Artsdatabanken: Arter, naturtyper, rødlistet m.m. <http://www.artsdatabanken.no>

Miljødirektoratet: Lakseregisteret <http://lakseregister.fylkesmannen.no>

Miljødirektoratet: INON <http://inonkart.miljodirektoratet.no>

Norges geologiske undersøkelser: <http://www.ngu.no>

<http://geo.ngu.no/maps/berggrunnN50WMS>

<http://geo.ngu.no/maps/kartkatalogWMS>

<http://geo.ngu.no/maps/industrimineralerWMS2>

<http://geo.ngu.no/maps/granadaWMS>

<http://geo.ngu.no/maps/losmasserWMS>

Vann Nett: <http://vann-nett.no> eventuelt <http://vann-nett.no/saksbehandler>

Askeladden: <http://www.riksantikvaren.no>

Schei, T.A., 2000. Vurdering av fiskebiologiske forhold i Urdabotn i Kvinnherad kommune i Hordaland, 9 s.

Skaala, K., 2011. Stølar og setrar i Kvinnherad, 256 s.

Norconsult, 2014. Blåfalli Fjellhaugen kraftverk, Konesjonssøknad og konsekvensutredninger. 104 s.

Norconsult, 2014. Blåfalli Fjellhaugen kraftverk, Konsekvensutredninger - fagrapporter. 304 s.

6 Vedlegg til søknaden


Vedlegg 1: Oversiktskart i målestokk 1:50 000

Vedlegg 2: Situasjonsskart i målestokk 1:5 000

Vedlegg 3: Skisseteikning av dam, bekkeinntak

Vedlegg 4: Oversiktskart over eksisterende anlegg


Vedlegg 5: Håland A. mfl., 2015. Plan om overføring av 2 sideelver i Blådalsvassdraget, Kvinnherad. Biologisk mangfold – verdier og konsekvenser. NNI-Rapport 421, 84 s.




kilden.nibio.no

04.11.2016


SKISSE DAMMER, BEKKEINNTAK BLÅFALLI 3




OPPFISS DAM, URDARÖTN
1/20




PLAN DAM, URDARÖTN
1/20




SMITT DAM, URDARÖTN
1/20




PLAN DAM, GJINNINGSEKKEN
1/20



OPPFISS DAM, GJINNINGSEKKEN
1/20



SMITT DAM, GJINNINGSEKKEN
1/20



Vedlegg 5

NNI-Rapport 421

Plan om overføring av 2 sideelver i Blådalsvassdraget, Kvinnherrad. Biologisk mangfold – verdier og konsekvenser



Arnold Håland, Anette
Gundersen og Åge Simonsen

NNI-Rapport 421
Bergen, desember 2015

NNI Resources AS

NNI - Rapport nr. 421

Bergen, desember 2015

Tittel: Plan om overføring av 2 sideelver i Blådalsvassdraget, Kvinnherrad. Biologisk mangfold – verdier og konsekvenser

Forfattere:

Arnold Håland, Anette Gundersen og Åge Simonsen

Prosjektansvarlig:

Cand. real. Arnold Håland,
Leder NNI Resources AS

Prosjektmedarbeidere:

Arnold Håland, Anette Gundersen og Åge Simonsen

ISSN / ISBN:

Oppdragsgiver
SKL Produksjon AS

NNI Resources AS©

Adresse: Lillehatten 11, 5148 Fyllingsdalen

Tlf. + 47 17 77 10, Fax. + 47 55 17 77 11

E-post: post@nni.no På nettet: <http://www.nni.no>

Forside: Elvestrekning i Urdabotnelva nedenfor Urdabotvatn. 21. august 2015. Foto: Anette Gundersen

SAMMENDRAG

Det er planlagt overføring av 2 mindre elver i sidefelt i Blådalsvassdraget i Kvinnherad kommune, Hordaland, til bruk for vannkraftproduksjon i eksisterende kraftanlegg. Vassdraget er mye påvirket av utbygginger fra tidligere, og planer om annen, utvidet utbygging foreligger også.

NNI har gjennomført feltundersøkelser i 2 omganger sommeren 2015 (3. juli og 21. august), med hovedfokus på naturtyper, flora og botaniske elementer i de vassdragsnære biotoper i august, og på bunndyr og ferskvannøkologi i ved feltarbeidet i juli (4 stasjoner kartlagt for bunndyr i 2 elver).

Den foreliggende utbyggingsplan for elvene har inntak på henholdsvis kote 730 og 720 i elven *Grønningen 2* (prosjektnavn Grønningbekken 2) og elven i Urdabotn (benevnt Bekke Urdabotn). Elven fra Urdabotnvatn til Staffivatn er benevnt Urdabotnelva. Berørte elvestrekninger knyttet til de 2 overføringene er på henholdsvis 850 og 2000 meter. I Urdabotn-feltet blir Urdavatnet fraført vann en del vann og med redusert gjennomstrømming. Virkninger av tiltakene er drøftet. Fraføring av vann i Grønningen 2 vil gi en liten (4%) reduksjon i vannføringen i Blådalselva, dvs. i avsnittet mellom samløp og innløpet i Staffivatn. Produksjon ved gjennomført utbygging er beregnet til 4,8 GWh.

Naturlandskapet i de 2 sidefeltene er preget av fjellbjørkeskog opp til ca 600 moh, over dette dominerer lavalpine heier. Landskapet er sørvendt. Skogtypen, der bjørk dominerer, varierer mellom lyngdominerte partier til vegetasjonsavsnitt preget av bregner, mest småbregner, men også felt med store bregner. Naturtypene i begge nedbørsfelt er vanlige i regionen. Tilknyttet flora (karplanter) var sammensatt av vanlige arter. Når det gjelder kryptogamer (moser og lav kartlagt) ble det ikke påvist sjeldne eller rødlistearter, men mosefloraen var relativt artsrik. Elvestrekningene i begge elver er preget av stabile substrater i elvehabitatet, dvs. med små- og mellomstor stein, stedvis med større blokker i elveløpet. Flomsonen er relativt stabil, med jevnt over velutviklende mosesamfunn. En regionstypisk moseflora ble påvist, 76 arter i/ved Urdabotnelva og 49 arter i Grønningen 2. De 2 inngrepsområdene (2 bekkeinntak) har ellers vanlige naturtyper og vanlig vegetasjon/flora i grupper karplanter og lav.

Når det gjelder fisk finnes ørret i lav tetthet i Urdabotn (vann og elver), mens Grønningen 2 sannsynligvis har ubetydelig funksjon for fisk. Elvene har gode bestander av forursingssensitive bunndyr, knyttet til kalde og hurtigrennende elver og samlet med god miljøstatus (vurdert etter standard kriterier). Når det gjelder arter ble det ikke påvist rødlistede arter i gruppen virvelløse dyr. Dagens situasjon i elvene gir gode muligheter for elvefugler, spesielt for fossefall da flere mindre fosser finnes i begge sidefelt, og næringstilgangen også er bra (se bunndyr). Fossefall, strandsnipe, vintererle og linerle er påvist ved hovedelva.

Samlet verdi for naturmangfoldet i berørte vassdragsavsnitt og aktuelle influensområder er vurdert til nivået *liten - middels verdi for Grønningen*, og *middels til liten verdi* for Urdabotn-feltet. Med *omfanget* av planlagte tiltak som *middels negativt* for Grønningen 2 og *lite til middels negativt* for Urdabotnelva, er konsekvenser for de 2 elver vurdert til nivået *lite til middels negativt for Urdabotnelva* og *lite til middels negativ konsekvens for Grønningen 2*.

Forekomst av flere rødlistede fuglearter i nærområdene (*lirype, gjøk, bergirisk* og *gulspurv* – alle i kat. NT) gir det terrestre omlandet en *middels verdi*. Omfanget av inngrep i det terrestre naturmiljøet er *lite negativt omfang*, og konsekvens for denne del av naturmiljøet vurderes til *liten negativ konsekvens*.

Avbøtende tiltak og forslag til minstevannføring er kort drøftet med avbøtende virkninger for virvelløse dyr og fuktighetskrevede planter, moser spesielt.

FORORD

SKL Produksjon AS (SKL) arbeider med planer om å overføre 2 sideelver til eksisterende vannkraftanlegg i Blådalsvassdraget i Kvinnherad kommune, Hordaland. NNI har gjennomført feltkartlegging i tiltaks- og influensområdet i perspektiv av utredning av et tema naturmiljø og biologisk mangfold. Datafangst er fra feltarbeid i juli og august 2015, og dette, samt eksisterende naturinformasjon fra området, er lagt til grunn for verdivurdering av de 2 tiltaksområder. Rapporten er revidert i forhold til ny rødliste og nye observasjonsdata høsten 2016.

Fremlagt tiltaksplan og aktuelle tiltak/inngrep er konsekvensvurdert kontra konkrete og potensielle naturverdier i inngreps- og influensområdet ved de 2 sideelver. BM-utredningen skal sammen med andre temaundersøkelser, legge grunnlag for at NVE og andre myndigheter kan fatte en beslutning om hvorvidt tiltaket kan gjennomføres eller ikke. Det er fremlagt et alternativ for utbygging, med inntak i elvene på kote 730 og 720. Tiltaket vil gi 4,8 GWh i økt produksjon i eksisterende kraftanlegg Blåfalli III.

Vi takker SKL Produksjon AS for oppdraget.

Bergen, 10. desember 2015

Arnold Håland
Leder NNI Resources AS

Revisjon – primo nov. 2016.

INNHold

1	LOKALISERING OG FORVALTNINGSSTATUS.....	9
1.1	Lokalisering av de 2 sideelver i Blådalsvassdraget.....	9
1.2	Eksisterende inngrep og forvaltningsstatus.....	9
2	NEDBØRSFELT OG HYDROLOGI	11
2.1	Avgrensning av delfelt og feltkarakteristika.....	11
2.2	Hydrologiske data for Grønningbekken 2.....	12
2.2.1	Hydrologiske data for Bekk Urdabotn i øvre del av Urdabotnelva.....	15
